hvilken Fedtsiden er vendt udad. Naar Pylsen er færdig, gnides den med Salpeter, legges 8 dage i Saltlage og vendes ofte. Pylsen bør stoppes saa haardt som mulig men røges ikke for stærkt. Den kan ogsaa gnides med salpeter og røges strax. Til Røgningen plejer et medgaa 6 a 8 Dage. I stedet for Øl kan anvendes halvt saa meget Kognak.

Slaktestell

Når ein slaktar, må ein ta vare på og nytte slaktet på best mogleg måte. Ein må prøve å utnytte og variere det ein sit att med, slik at matlageret blir både variert og held lenge. For å oppnå dette vil det nok svare seg å laga opp mykje, både bitar av kjøtt, ferdige pakker og pylser. Sjølv om ein ikkje har tilgang på eit heilt slakt, kan det svare seg å kjøpe delar av eit slakt og laga opp forskjellige matrettar, som t.d. kjøtkaker, pylser, pålegg og spekemat. Haldbarheita til kjøtet er i aller høgaste grad avhengig av at det blir håndtert og ivareteke på ein god, men rask måte. Den som skal vere leiar for eit slaktearbeid, bør derfor ha god øving og mykje erfaring, slik at alt går for seg både raskt og sikkert. Det er også ein stor fordel at ein er mange om arbeidet, anna husarbeid bør leggjast til side når slaktinga pågår. Det er svært viktig å ha ein god arbeidsplan og ha gjort ei god forbereding på forhand av slaktinga. I tidlegare tider var det vanleg å slakte fleire dyr på same tid, slik at ein fekk utnytte dei forskjellige dyra sine ulike delar, og ikkje minst ha moglegheit til å blande ulike smakar og fordele feittet i mellom det ulike kjøtet. Hushaldningar som må kjøpe slaktedyrr, bør gjere dette om hausten, i oktober eller helst november. Mange av dyra kjem då heim frå beite, og er både fine i kjøt og feitt. Dette er ei god tid å slakte dei på, ein kan eventuelte vente til seinare for å få ferskt kjøt til julefeiringa. Ein bør absolutt ikkje slakte om sommaren, med mindre det er eit nødstilfelle. Slaktar ein om sommaren, vil varmen tiltrekke seg fluger, som lett vil kunne øydelegge kjøtet, med mindre ein har eit kjøle eller fryserom der ein kan oppbevare slaktet. Slaktedyra bør helst vere tekne ut i god tid på førehand, slik at dei kan forast til ein slakteferdig tilstand. Ei jamn og god foring i tida før slaktinga er mykje betre enn ei kraftig foring i

kort tid før dyret skal slaktast. Ein må vere påpasseleg med at dyret, dei 4-6 siste vekene, ikkje blir fora med noko som kan setje smak på kjøt og fleisk, som t.d. sild og tran. Ein kan ikkje slakte dyra når dei er brunstige, kjøtet blir langt frå godt og kan til tider vere heilt usmakeleg. Med mindre det er eit nødstilfelle, bør ein heller ikkje slakte drektige dyr.

Ser ein bort frå desse faktorane, har også alder, kjønn og rase mykje å seie for kjøtkvaliteten. Slaktedyra skal sjå sunne og friske ut, med eit ytre av jamne, fine former. Hårlaget skal vere kort, glatt og blankt, auga skal vere klåre. Ein gris skal ha ei mjuk og fin bust, og helst ei tunn, kvit hud. Dyra bør vere feite, men ikkje overfeite. Slaktar ein dyr med for mykje feitt, er det fort for å bli mykje svinn. Eldre dyr har seigt bindevev som ofte gir seigare kjøtt enn hjå yngre dyr. Kjøtet hjå yngre dyr har lausare bindevev og blir dermed lettare å fordøye, men er ikkje så drygt. Ein går ut frå at kjøtet frå vaksne dyr er av betre kvalitet.

Den beste sesongen for griseslakt er før jul, for kalv er det oftast om våren. Ellers kan ein påstå at lam har sin absolutte høgsesong om hausten, når dei kjem ned frå fjell og beite. I nyare tid opplever ein at sesongen startar tidlegare for kvart år. Nokon byrjar derfor slaktinga på sommaren, medan somme byrjar lammekjøtsesongen i august. Ofte kan det lønne seg å vente til seinare ut på året, då dei treng å vere rundt 20-22 kilo for å oppnå den optimale kvaliteten på kjøtet. Når ein skal salte kjøt, fleisk og liknande, høver det å bruke solide bøtter og trebaljar av passe storleik. I dag overtek plastikk for tre, då dei er enklare å handtere og gode å holde reine. Ein kan ikkje nytte baljar eller bøtter av sink, då dette kan resultere i giftige bindingar. Skal ein nytte seg av saltekar av tre, må det vere av godt materiale, helst eik, og med eit godt jernband rundt. Ein saltebalje bør vere avlang,

då det høver best for skinker og lange stykke. Baljen bør vere vid i botnen, slik at kjøtet og laken held seg betre. Alt ein brukar til salting bør ha gode handtak og tette lok. Dei bør helst stå på bein eller ein kant, slik at lufta kan sirkulere under dei, haldbarheita til kjøtet vil då bli mykje lengre. Ein kan gjerne bruke flugenetting på innsida av loket, lufta vil då sirkulere sjølv dersom ein legg loket over. Det kan vere praktisk å måle saltkara og loka utvendig, då held dei lengre og blir lettare å halde reine. Som press kan ein gjerne nytte breie bord, eller ei tregrind som høver godt. Grinda må i tilfelle vere sett saman med trepluggar, ikkje spikar, då desse vil ruste i saltlaken. Ein må også bruke stein, ikkje murstein, til å halde kjøtet og presset nede i laken. Det kan ofte vere lurt å bruke saltekar av ulike storleikar, det er betre å bruke for store enn for små. Slaktar du ein gris, treng du ein balje på 75-100 liter, til å salte skinker, bogar og fleisk. Til spekket brukar ein 20-30 liter, 15 liter til sylta. Det svarar seg med ei stålbøtte til innmaten og ei plastikkbøtte til blodet. Det blir som oftast 3-4 liter blod av ein gris. Det må rørast kaldt, ofte med litt salt, slik at det ikkje levrar seg. Ein kan reingjere utstyret med briskelåg, sodavatt eller kalk.

Salt

Ein saltar kjøt for å unngå at det blir bederva over tid. Salt virkar om lag som ei hurtig koking, der kjøttrevlane blir samantrekte og kjøtkrafta blir trykt ut av porene. Ein svært salt lake kan pine kjøtet, men i og med at ein slapp lake ikkje er å foretrekke, er ein nødt til å koke ein sterk lake, eventuelt å legge kjøt og fleisk lagvis med salt og eventuelt noko salpeter. Dette er kun for å oppnå ein nydeleg raud farge. Salpeter bør nyttast med stor forsiktighet, aldri meir enn 1-2 teskeier per 5 kilo med salt. Tilset ein sukker i laken, vil effekten bli svært god, då sukker møyrrar

kjøtet og forminskar dei uheldige verknadane av saltet. Ein ½ kilo sukker er ofte nok til 16–20 liter med vatn. Ein lake må vere kald når ein hell den over kjøt. Det kan vere smart å gni kjøtet inn i salt dagen før ein legg det i lake, då slepp ein blodvatn i laken, blodet vil renne vekk. Laken kan også byrje å gjære dersom ein ikkje gnir saltet med kjøt. Ein kan gjerne koke opp kjøtlake etter ei tid, dette for at safta frå kjøtet inneheld eggekviser, noko ein kan skumme av ved koking, for så å setje til litt meir salt. Dersom laken koka godt opp fyrste gong, er kjøtet godt avtørka, kan laken halde seg svært lenge. Det kan vere lurt å ha eit tappeloh i karet, slik at ein kan ause lake over kjøtet ein gong for dagen. Dersom det har kome mygl i laken, legg i eit klede, som vil trekke til seg myglet og klarne laken. "man burde ikke nedsalte mer kjøt end man kunde faa opspist til paaske eller høist pinse; det er meget bedre da at røke eller speke det".

Dersom ein saltar kjøtet med tørrsalting, må ein fyrst ha eit lag med grovt salt i karet, deretter eit lag med salt mellom kvart lag med kjøt. Legg laga fast og godt saman, men aldri kjøtside mot kjøtside utan salt mellom seg. Bruk gode mengder med salt rundt kanten og oppå.

I dag kan ein heldigvis velgje om ein ynskjer å kjøpe heile eller halve slakt. Erfaringane mine seier at det avhenger av kvar ein bur og om ein har moglegheiter til å handtere store slakt. Mange kjøper bakparten av eit storfe, nokon kjøper eit lam medan andre har mot til å gå til innkjøpt av ein halv gris. Fleire er så heldige at ein kjenner nokon som driv med jakt eller kjøtpartering, slike interesserar stig for kvart år. Det kan sjå ut til at stadig fleire tillegnar seg betre kunnskap om kvar maten kjem frå og korleis den skal handterast. Dessutan er det alltid noko spesielt ved å stå for matproduksjonen i sin eigen heim. Dette gjev moglegheiter

som å skape eit særpreg på eigen mat ved kvardag og fest. Ein ser ofte at det røffe og tøffe – gjerne heimelaga mat, utan forvarsel har auka i status. Dette kan kanskje forklarast ved at ein ikkje får gå til innkjøp av slik kvalitetsmat, ein må stå for prosessen sjølv. Då blir sjølvstekt meistringslukka så stor at ein nesten kokar over i takt med maten. Sjølv har eg aldri vitna så glade og fornøyde folk som når dei kan setje eigneproduserte matrettar på bordet.

Frå male kjøt til pylse

Pylser er naturleg i ein særklasse i slike tilfelle. Dette er eit matemne som er både elska og hata, men heldigvis mest elska. Pylse er nok eit lada omgrep for mange, kanskje fordi det kan etast, dermed er det reint, men samstundes ser mange på pylsemat som ureint. Dette kan forklarast med at ein ikkje kan sjå kva ei slik masse inneheld, det er vanskeleg å sjå og definere kva pølsa er laga av. I somme miljø er vel kanskje assosiasjonane til pølsa knytt til ureine handlingar og lumske aktivitetar.

Er pylse for finmat å rekne? I enkelte kokkemiljø får ein inntrykk av at pølsa har vorte utsett for ein marginaliseringsprosess. Pølsa er ikkje fin mat, men kvardagsmat, ikkje for fint folk, ikkje for vaksne, ikkje for sjuke, men for borna. Mary Hoopers, har ikkje ei einaste pylseoppskrift i si kokebok frå 1876. Samstundes finn ein fleire pylser i ulike variantar i romerane si Apicius. Eit stort framsteg for oss pylseglade menneske, er å få undervise andre om små artige hemmeligheitar rundt pølsa, rosina i pølsa, og ikkje minst korleis ein kan få til den ypperste av pylser. Heldigvis har verda utvikla seg i rett retning i forhold til pølsa!

Lukka er nesten fullkommen, ein kan kjøpe ferdigmalen kjøtdeig, farsedeig og karbonadedeig i alle fargar og storleikar. I dag kan ein be ein slaktar om å kverne alt


kjøtet ein treng for å produsere pylser, noko som gjer alt mykje meir overkommeleg for dei fleste. Ein kan til og med laga pylser utan tarmar, noko me skal kome attende til. Om du skal laga grove kjøtpylser, kan du be om å få kjøtet kverna ein gong, skal det lagast medisterpylse, kvern kjøtet fem gonger. Ein har då to forskjellige utgangspunkt med to forskjellige resultat. I tillegg kan ein blande to ulike kjøtslag. Ein må alltid blande i noko feitt, då er det svin som tilpassar seg dei andre kjøtslaga på den beste måten. Du kan til dømes blande svin og lam, men også svin, lam og storfe. Svin og elg kan blandast, svin og hjort passar også godt saman. Ein kan sjølvstekt laga reine lammepylser, men då må sauen vere feit og god, men også akseptere at sauekjøt har ein dominerande smak. For den som likar smaken av sauekjøt, er ei slik pylse perfekt, for andre kan den fort bli noko stram. Eit godt tips er å føre ei loggbok på kva ein lukkast med gong etter gong, det kan vere vanskeleg å få det like bra for kvar gong ein prøver noko. Mange likar å eksperimentere, då det er spennande å skape nye smakar og opplevingar. Likar ein rein pylse av hjort eller elg, må ein berre hugse på å bruke godt med fløyte! Ein må vere raus med slikt noko! Du kan også blande fin farsedeig saman med grovmalen karbonadeig, dette er ein god blandingsvariant.



Bløytt kroatarm av svin




Ubløytt kroatarm av svin




Bundende



Bløytt og skylt fåretarm



Bundende



Bløytt og skylt fåretarm

Rekking av tarmar

Dersom ein stryk tarminnhaldet like nedanfor magesekken til side, kan ein binde tarmen med ei rennesnare, på to stadar med godt mellomrom. Så skjer ein av tarmen mellom hyssingane. Det må vere god plass utanfor hyssingane, slik at dei ikkje glir av. Ein tørkar av endane på tarmen med ein fuktig klut, det må ikkje komme tarminnhald på utsida av tarmane, då den sida skal vere inne i pylsene. Det er også viktig at staden ein slaktar alltid er rein. Skal ein nytte magesekken, må ein plukk av feittet. Ein lagar då eit snitt i sjølve sekken, vrenger og fjernar innhaldet. Skyl den godt og legg den i lunka vatn i om lag ein time. Flekk då av slimhinna og legg magesekken i vatn saman med tarmane. Magesekken kan brukast til blodmat, skinkerull og restesynte. Tarmane skal hengas opp i kragen, som består av bindevev og feitt. Bruk hendene og strekk tarmane forsiktig frå krøset, altså kragen. Dersom alt er varmt på et griseslakt, går det som regel enkelt og kjapt. Likeve er tarmane skjøre, og ein må ver forsiktig, bruk heller ikkje kniver for ofte. Når alle tarmane er skilt frå kragen, skal dei vere så fri for feitt som mogleg. Skulle det sitje att noko, plukk forsiktig av dette med fingrane. Skulle det undervegs gå hol på tarmane, hold då brotstaden utanfor slakteåren, knyt med rennesare på begge sider og turk godt av. Dei fyrste 18–20 meterane er kroatarmar, altså tunntarm. Det er desse ein nyttar. Resten er tjukktarm, desse er vanskeleg å bruke og reingjere, derfor bruka dei ikkje. På overgangen frå mellom tunntarm og tjukktarm finn ein blindtarmen. Denne blir svært sjeldent brukt når det gjeld gris. Når tarmane er ferdige, deler ein kroatarmen frå. Tjukktarmen oppbevarar ein

i gjødselkjellaren. Når tarmene er reinsa for feitt, skal ein tømme dei. Her kan ein gjerne bruke rein snø, grasbakke eller ein stad med rennande vatn. Ein bør ha tilgang på eit par bøtter med lunka vatn, ein vatnkjele med tut, eventuelt hagesprøyte eller ein mugge, strikkepinnar, slimstikke og kniv. Ein delar tarmen i om lag 1 ½ meter lange bitar. Pass på at dei blir heldne høgt oppe, slik at dei ikkje kjem i kontakt med bakken. Stryk etter med fingrane slik at innhaldet kjem ut. Hold så tarmen opp i begge endar, fyll den med vatn, og skyl vatnet fram og attende i tarmen, slik at den blir godt reingjort før ein tømmer vatnet ut. Så er det tid for å vrenge tarmen. Dette blir gjort enklast ved å vrenge den eine enden av tarmen opp over to fingrar og sprike desse ut. Den andre tarmenden held ein opp. På denne måten vil det dannast ein pose ein kan fylle med vatn, og tarmen glir lett gjennom. Ver gjerne to personar når ein arbeidar med dette. Når ein har vrent tarmene, Skyler ein dei godt i lunka vatn. Legg dei så i lunka vatn i om lag ein time, då vil slimlaget løyse seg og ein vil enklare kunne fjerne det. For å få av slimlaget kan ein gjerne bruke to skrikkepinnar, også her hjelper det å vere to personar. Den eine held strikkepinnane tett saman, medan den andre trekkjer tarmene gjennom desse. Fyrst trekkjer ein slimet frå ein av endane å på tarmen, så stikk ein den mellom pinnane og dreg tarmen gjennom. Ein snur på tarmlengda slik at det blir ein ny brett og trekkjer tarmen gjennom på nytt, heilt til tarmen er fullstendig reingjort. Skyl den så med vatn for å sjå om den er heilt klar og rein. Denne framgangsmåten kan gjere grisetarmen fullstendig rein og klår. Dersom ein er aleine med dette arbeidet, er det praktisk å ta i bruk ei slimstikke. Dette er eit tunt trestykkje med ei halvrund utskjering. Samstundes som ein held tarmen inntil stikka med

tommelfingeren, trekker ein tarmen gjennom. Får ein ikkje av alt slimet ved denne handteringa, må ein skrape det av ved å bruke ryggen av ein kniv. Ein legg då tarmen på eit bordstykke, men bruk helst noko ein sjelden tek i bruk, då denne lukta kan vere vanskeleg å få av i ettertid. Skulle det etter dette sitje att noko som helst ureint på den opprinnelege yttersida til tarmen, lyt ein vrenge denne og skrape den rein. Men gløym då ikkje å vrenge den attende! Om ein ikkje har tid til å skrape tarmene reine den fyrste dagen, kan ein legge dei i lunka vatn og la dei ligge til neste dag, slimlaget vil då løysne lettare. Når tarmene er ferdig skrapa, legg dei i kaldt vatn saman med eit par håndfullar salt. Saltet har den effekten at slimet løysnar, men tarmene mistar også den ubehagelege lukta og smaken, i tillegg til å bli sterkare. Ein burde helst skifte vatn to til tre gonger dagleg i to til tre døgn. For kvar gong lyt ein fjerne tarmene frå vatnet, slik at dei kjem attende i nytt, heilt reint vatn. I ferdig utvatna tilstand, skal ein tarm vere kvit, klår og luktfri. Om ein ikkje treng alle tarmene samstundes, kan ein salte dei og oppbevare dei i frysaren. Har ein tunne og fine tarmar, brukar ein fint salt, men dersom tarmene er større og grovare, nyttar ein grovt salt. Tarmar kan også tørkast, ein kan blåse dei opp med ei sykkelpumpe og henge dei på ein tørr stad. Dei må ikkje henge inntil kvarandre. Tørka tarmar må ligge i vatn i om lag ein time før ein brukar dei.

Røyking av pylser

Er røyking for smakens del eller kun ein konserveringsmetode? Frå eldre tider vart røyken brukt som ein konserveringsmetode for mat som skulle lagrast over tid. I dag kan ein velgje sjølv om ein ynskjer lettrøykt eller sterkare røykt mat. Dette avhenger blant anna av bruksområdet og korleis ein lagrar pylsene. Tore meiner at skal pølsa vere røykt, må den også innehalde nitrit, slik at den får den delikate og fristande fargen. Ein må ha lyst på det ein skal ete! Om ein røyker det stramt og set til mykje smak, burde ein kanskje understreke at krydder vil ha liten hensikt i pylsedeigen, smaken av røykt vil styre det meste. Det er mange måtar ein kan røyke på, så det er opp til kvar enkelt korleis ein ynskjer at sine egne pylser skal smake. For den del kan ein gjerne springe på taket og henge pylsene i pipa, då vil dei bli kaldrøykte og ein kan fyre med bjørk for å oppnå eit spennande resultat. Gjer ein dette, vil ein absolutt få godt kaldrøykte pylser. Kaldrøyking av pylser vil seie at røyken er på under 25 grader, noko som omtrent berre blir brukt når det kjem til spekepylser. Ein kan også prøve ein såkalla aburøyk, då blir pylsene røykt og kokt på same tid. Varmrøykinga ligg mellom 50–60 grader, ein må då passe nøye på kor mykje raudsprit ein har i boksane, då det er dette som styrer kor lenge pylsene skal røykast. Ved å nytte seg av røyking, oppnår pylsene ein fin farge og ei god lukt. Det blir gjerne ein ekstra apetitt når det gjeld røykte pylser, då dei ser gode ut, med ein fin og varm raudfarge, og har ikkje minst ein odør som appellerar til dei fleste. Røykte pylser luktar det rett og slett "heim" av.

Slik lagar Bodil pylser


I TILLEGG TIL kjøtråvara, "suvli", blir alle oppskrifter sett saman av naturlege hjelpestoff som salt, mjølk, potetmjøl og urter og krydder. Når det er snakk om salt, brukar ein vanleg koksalt eller bordsalt. Om ein ynskjer å laga ein røykt variant, vil ein oppnå det beste resultatet ved å bruke nitrittsalt, men kun ein liten del av saltmengda, kan hende mindre enn ein tredel. Dette får ein kjøpt i ein slaktarbutikk ved produksjon, eventuelt på apotek. I slaktarbutikken vil ein også finne tarmar som fåretarm, svinetarm og kroktarm. Når ein fyrst er på ein slik stad og har tilgang på tarmar, kan ein like gjerne kjøpe inn eit par ekstra, då ein kan både fryse og salte dei til bruk seinare. Eit godt stalltips for å bli kvitt tarmlukta, er å tilsetje sitron i vatnet, bruk gjerne sitronsyre, som er å få kjøpt på apotek. Nokon tykkjer at tarmlukta kan bli heftig nok! Dersom ein nyttar friske urter eller fersk lauk i pylsene, er det viktig at ein varmebehandlar dei fyrst, dette på grunn av jordrestar. Av utstyr treng ein ei god vekt, kjøtkvern, foodprocessor og pylsestappar. I dag kan ein oppleve at fleire moderne kjøkkenmaskiner har alt ein treng av funksjonar og utstyr for å laga pylser. Det er viktig å tenkje praktisk, men ikkje minst sjå til at utstyret ein brukar er i god stand. Når ein arbeider med pylser, er det svært viktig at ein er svært hygienisk. Dersom ein ikkje fylgjer hygienisk fornuft, kan konsekvensane bli av sorten ein seint gløymer. Ein må også bruke rett holskive, kjøtet skal kvernast, ikkje pressast. Her må ein bruke så kaldt kjøt som mogleg, gjerne halvfrose. I forhold til holskive, ligg den vanlegaste storleiken på rundt 4–5 millimeter, avhengig av kor reinskore kjøt ein brukar, altså fritt for hinner og sener. Inneheld kjøtet mykje hinner og sener, kan det vere lurt å bruke ei tre millimeter holskive,

då vil kverna knuse senene og svoren, slik at kjøtfarsa ikkje blir kornete. I nokre av oppskriftene vil ein lese ordet "grøpp", som tyder at ein brukar ein fin farse som basis i pylsedeigen, og så blandar i noko grovare kjøt, den grove delen kallar ein då "grøpp". Dette kan også regulerast med ei holskive, om ein ynskjer kan ein bruke ei holskive på åtte til tolv millimeter, avhengig av at kjøtet er fullstendig reinskore, utan hinner og sener. Skal ein oppnå eit optimalt resultat, er ein avhengig av at både prosessen og kjøtet er av god kvalitet. Når ein lagar ei grov pylse, ta så ei fin farse og set til grovhakk ved elting. Eit godt tips er at ein eltar inn saltet i den fine farsa før ein set til den grove. Blandar ein for hand, må saltet eltast svært godt inn i farsedeigen, spesielt til middagspylser. Bruk gjerne 15 gram salt per kilo grovhakk, krydre og set til smakar etter humør og kjøtråvare. Ved montering av kverna, er det svært viktig at den blir montera på rett måte, ein må ikkje skru kverna for stramt til, det resulterer ofte i pressa kjøt framfor kverna. Om ein etter ei tid opplev at kverna blir noko vanskeleg og seig å arbeide med, er det smart å stoppe arbeidet, for så å reinse kniven og holskive for sener og feitt. Så er det berre til å montere kverna på nytt og fortsette ved godt mot!

I denne samanheng er det svært viktig at ein forstår verdien med å arbeide med så kaldt kjøt som mogleg, gjerne heilt nede på 0 grader. Dersom alt utstyret er klart til bruk før ein går i gang med kjøtet, vil prosessen gå mykje lettare. I denne boka har me lagt vekt på at pylsene skal kunne lagast på eige kjøken. Derfor er dei fleste oppskriftene lagt opp til kjøtarbeid på ein kilo, slik at opplevinga av eigenproduksjon skal bli både enkel og rask. Heimeproduksjon er ei flott oppleving når alt går som det

skal! Om ein skulle ha lyst til å laga pylser saman med gode venner, ikkje nøl. Alt ein treng er ein stor plastbalje og gange oppskriftene med mengda kilo ein ynskjer. Eltinga kan gå på omgang, men dersom baljen er stor nok kan fleire par hender ei på same tid. Eg kan garantere at det er ei sjarmerande oppleving av dimensjonar! Ein må likevel vere svært merksam på temperaturen til farsedeigen. Blir den for varm, set deigen i frysaren eller i kulda ute. Det kan vere mange behov å tenkje på i forhold til pylselaging. Til dømes toler ikkje alle mjølk og fløyte, noko ein løyser ved å bruke god kraft. Dersom ein kjenner nokon som ikkje toler mjøl, dropp dette men lag heller fleire prøvepylser og kontroller både konsistens, fasong og fasade. Når farsen er ferdigelta, er det viktig at faging av pylsa skjer så fort som råd. Her kan ein nytte seg av "profesjonel utstyr, kjøkkenmaskin med pylsehorn eller ei vanleg kjøtkvern dersom ein får tak i eit pylsehorn. Det enklaste er kanskje denne varianten:

Bruk ei brusflaske av plast på 1 ½ liter, fjern botnen. Fyll flaska med farsedeig, bruk ei mindre flaske til å presse ned farsedeigen. Fest tarmen på flaskehalsen. Dette er både enkelt og billig, men ikkje minst funksjonelt. Ynskjer ein å røykje pylsene, bruk då varmrøyk på 50–60 grader i om lag 30 minuttar





Så var me i gang, med tarmen på pylsehornet og pylseideig i fogaren



Bruk ei grov stoppenål til å prikke ut luftbobler



Dette er ei god lengde på pylser



Knyt knuten tett på enden av pylsa



Knyt på denne måten: Ta hyssingen ein gang rundt enden på pylsa, lag ein dobbeltsleng på knuten



Knyt ei lang løkke, slik at ein kan halde i ho som eit handtak



Lag ei stor og solid løkke



Om du slenger pylsa frå enden, ei av gangen, knip med fingeren, dette for å oppnå eit passe rom til å vri pylsa



Vri pylsa to ganger



Vri annankvar gang, med og mot sola



Sjå til at pylsa ikkje vrir seg sjølv



Fordel lufrommet, slik at pylsene blir faste og fine



Forsøk å kontrollere pylselengda, arbeid gjerne med tre og tre pylser i byrjinga av produksjonen



Hald opp pylsene, slik garanterer du at dei ser ut som dei skal



Gå over pylsa med ei nål og stikk ut luft, på denne måten unngår ein "holskur", altså overflødige luftsamlingar



Ved å bruke denne metoden, sleng berre annankvar pylse, altså den fyrste, den tredje, den femte, osv. Bruk augemål og fordel pylselengda på lengda, knip med peikefinger og tommel der pylsa skal slutte og byrje, knip og vri rundt



Bruk den same prosessen ved neste deling



Ta eit godt og fast grep om pylselengda, hjelp til med fingrane for å få pylsa "rundt"



Ein må ofte legge til ein ekstra sleng på den siste pylsa



Kan ei pylse bli flottare?

PYLSER AV VILTKJØTT

Mogapylse av vilt

2 kg reinskore elgkjøt
0,9 kg svinekjøt
150 gr lammekjøt
15 dl heilmjølkk
3 dl fløyte
2 dl kald, god kraft
1-½ ss grovmalen pepar
100 gr salt
1-½ ss allehånde

Byrje med å kverne elg, svin og lam grovt ein gong på ei fire millimeter holskive. Elt inn saltet grundig, smak til med krydder. Eit godt tips er at ein veg opp krydderet i ulike skåler, men at ein ikkje set til alt på same tid. Ta ¾ av saltet fyrst, då smaken på pylsedeigen alltid vil endre seg etter den har vorte spedd, då kan ein ettersalte etter ynskje og behov, men ein må vere påpasseleg med at den ikkje blir for salt. Trongen for salt avhenger av kjøtemnet, ingen emner ein arbeidar med er like. Spe så med mjølk, fløyte og kraft, lite av gangen. Ha farsa i kroktarm, med akkurat passe fast konsistens. Pylsa kan trekkjast ved 80 grader i om lag 20 minuttar. Det smakar så godt!

Denne pylsa innhald:
Protein: 14,4 %
Feitt: 13,2 %
Karbohydrat: 1,7 %
Kcal per 100 gram: 183 KJ
per 100 gram: 767

Fjellpylse av elg

5 kg reinskore elgkjøt
2,1 kg svinekjøt
0,6 lammekjøt
250 gr salt
3 ss allehånde
3 ss grovmalen pepar
1,5 l heilmjølkk
3 dl fløyte
0,5 l kald, god kraft

Kvern elg og lam ein gong, grovt, medan svinekjøtet kvernast 2-3 gonger. Set til saltet og elt alt ein greier for hand. Dryss i pepar og allehånde. Allehånde er eit krydder, ein peparsort som ofte vart brukt frå gammalt av i kjøtmat. Fog i kroktarm, trekkjast ved 80 grader i 20 minuttar, eventuelt kan ein også brune denne i steikepanna i 20 minuttar. Pylsa kan også røykast. Dette er eit herremåltid for matmonsar!

Denne pylsa inneheld:
Protein: 16,9 %
Feitt: 13,5 %
Karbohydrat: 0,8 %
Kcal per 100 gram: 192
KJ per 100 gram: 804

Hjortepylse

3 kg kjøt av hjort
½ kg sideflesk av svin
100 gr svisker
1 lauk
1 ½ ts kvit pepar
1 ts ingefær
1 ts timian
2 ts knusa einebær
100 gr salt
3-6 dl mjølkk
ca 5 meter med kroktarm

Mal kjøt og flesk saman med lauk, elt inn saltet godt, og bland inn krydderet. Spe med væska, forsiktig og litt av gangen. Farsa stappast i kroktarm, men ikkje for fast. Pylsa tilberedast ved å trekkje i 20 minuttar, men kan også steikast på panne. Avkjølast raskt før frysing. Dette er enkelt og greitt gode greier!

Denne pylsa inneheld:
Protein: 18,0 %
Feitt: 7,0 %
Karbohydrat: 1,8 %
Kcal per 100 gram: 142
KJ per 100 gram: 594

Grov middagspylse, røykt

1 kg lammekjøtt av bog,
malast 1 gong
1 kg storfe av kyr,
malast 1 gong
1,5 kg svinerokjøtt av side,
malast 3 gonger
60 gr salt
30 gr allehånde
2–3 ss grovmalen pepar
2,5 dl fløyte
1,2 l heilmjolk

Mal lammekjøttet ein gong på ei fire millimeter holskive, storfekjøttet ein gong og svinerokjøttet 3 gonger. Bland inn saltet, salt bind og emulgerar kjøttet. Ein kan gjerne spare litt av saltet til slutt, avhengig av kor salt ein ynskjer pylsa. Men det er alltid betre å ha meir salt i skåla enn i deigen! Krydre, og spe med væska litt av gangen. Denne pylsa blir grov og anvendeleg til mange formål, den kan både røykast og ein kan setje til andre kryddersmakar dersom ein ynskjer å eksperimentere. Røykast med sval røyk, og trekkjast i 20 minuttar før servering. Dette er ein rasande god fornøyelse!

Denne pylsa inneheld:
Protein: 14,3 %
Feitt: 18,3 %
Karbohydrat: 1,3 %
Kcal per 100 gram: 227
KJ per 100 gram: 951

Pylser av lam

3 kg lammekjøtt
1 l mjolk
2 dl fløyte
75 gr salt
5 gr pepar
5 gr muskatblomme
eventuelt 5 gr persille
eventuelt salvie

I denne oppskrifta er det smart å bruke eit feitare lammekjøtt enn kva som er vanleg. Dei fleste vil då velje å bruke ein eittårig sau, då oppnår ein både smaken og feittmengda ein ynskjer. Om ein ynskjer, kan ein også øke feittmengda med flesk frå gris, men då blir det naturleg nok ikkje ei rein lammepylse. Det er nok mange av dei som ynskjer å beholde den reine sauesmaken. Mal kjøttet på ei fem millimeter holskive, ein gong. Bland inn salt og elt godt. Her må ein vurdere saltmengda ein ynskjer å bruke, smak gjerne på deigen. Dette er også avhengig av mengden feitt ein brukar, meir feitt toler meir av salt. Spe med væske, her kan ein supplere med meir fløyte dersom ein nyttar magert kjøtt og vil bruke kun lam, og ikkje feitt frå gris. Her brukar ein fåretarm, pylsa kan gjerne røykast på kaldrøyk i to til tre timar, ved 20–28 grader. Dette er ei smaksoppleving som vil få ein til å miste forstanden!

Denne pylsa inneheld:
Protein: 14,3 %
Feitt: 18,6 %
Karbohydrat: 1,3 %
Kcal per 100 gram: 230
KJ per 100 gram: 961

Villmannspylser

ca ¾ kg reinskore lammekjøtt
¼ kg spekk
2 lauk
3 båter kvitlauk
100 gr hakka skogsopp
2 ts soppmjøl, av skogsopp
persille
3 ts salt
pepar
fløyte

Denne malast fire gonger, bland saltet godt inn og has i krocketarm, 15–20 cm lange, ikkje for fast. Tilberei pylsa ved å trekke den i 20–30 minuttar, ved 80 grader. Her får ein gjerne lov til å skrike av velnøye når ein smakar!

Denne pylsa inneheld:
Protein: 12,5 %
Feitt: 32,8 %
Karbohydrat: 2,8 %
Kcal per 100 gram: 357
KJ per 100 gram: 1492



Julepylse av lammekjøtt

ca $\frac{3}{4}$ kg reinskore lammekjøtt
 $\frac{1}{4}$ kg spekk/flesk
3 båtar kvitlauk
100 gr hakka skogsopp
1 stor kvast persille
3 ts salt
2–3 ts grovmalen pepar
2–5 dl fløyte

Denne malast fire gonger, seiste gong malar ein inn spekket/flesket. Bland så inn saltet og elt saman. Set til lauk, kvitlauk, persille og skogsopp. Spe med fløyte. Dersom den blir for fast, kan ein gjerne spe med litt grønsaksbuljong eller anna kraft. Lag ei prøvepylse for å kontrollere konsistens og fastheit, men også saltsmaken. Tilbereiast ved å trekkje den i 20–30 minuttar ved 80 grader. Dette er ei usannsynleg god smaksoppleving!

Denne pylsa inneheld:
Protein: 12,4 %
Feitt: 40,7 %
Karbohydrat: 2,6 %
Kcal per 100 gram: 426
KJ per 100 gram: 1782

BLANDINGSPYLSE

Haustpylser

2,2 kg lammekjøtt
1 kg grisekjøtt
1 l mjølk
2 dl fløyte
85 gr salt
7 gr kvit pepar
7 gr muskatblomme
2 knusa einebær
5 gr persille
2 gr salvie

Kjøttet må vere kaldt når ein arbeidar med det, mal det ein gong, bland inn salt og elt dette godt saman. Bland inn krydder, her må ein gjerne smake seg fram. Det er betre å krydre fleire gonger, då oppnår ein gjerne det beste resultatet. Stapp så i kroktarm, kan både trekkjast og steikast på panne. Her kan ein ikkje anna enn å hyle av fryd!

Denne pylsa inneheld:
Protein: 14,2 %
Feitt: 19,4 %
Karbohydrat: 1,2 %
Kcal per 100 gram: 236
KJ per 100 gram: 988

Vinterpylse

2,5 kg storfekjøtt,
malast fire gonger
300 gr spekk/flesk,
malast 2 gonger
1 l mjølk
eventuelt fløyte
4-5 ss salt
1 ss ingefær
1 ½ ss grov pepar
1 ss muskat
1 ss timian

Dette er ei pylse der resultatet vil bli mørkt og grovt, då storfe er mørkare i fargen enn svin. Ein kan laga pylsa svært grov ved å bruke ei fem millimeter holskive, eller ein kan bruke ei tre millimeter holskive. Dryss i krydder og elt. Storfekjøtt toler og bør få noko meir elting for å bli gode pylser. Spe og lag ei prøvepylse før ein set i gang med heile deigen. Denne stappast i kroktarm, for så å bli hengt opp kjølig i eitt døgn. Så røykjer ein pylsa i ein time ved sval røyk, for så å koke den til ei middagspylse. Eventyrleg godt!

Denne pylsa inneheld:
Protein: 14,2 %
Feitt: 19,9 %
Karbohydrat: 1,3 %
Kcal per 100 gram: 241
KJ per 100 gram: 1010

God gammaldags heimepylse

2,5 kg storfekjøtt
1,2 kg grisekjøtt
0,8 kg lammekjøtt
¾-1 l heilmjølk
2 dl fløyte
125 gr salt
1-½ ss grovmalen pepar
1-½ ss allehånde

Denne skal malast grovt ein gong, før ein knar inn saltet, set til resten av krydderet og sper med mjølk og fløyte, før ein til slutt stappar farsa i kroktarm. Tilberei ved å trekke pylsa ved 80 grader i 20 minuttar, eventuelt brunast i panna. Denne pylsa har ein smak og vil gje ei oppleving som ein burde prøve!

Denne pylsa inneheld:
Protein: 16,0 %
Feitt: 17,4 %
Karbohydrat: 0,8 %
Kcal per 100 gram: 224
KJ per 100 gram: 936

Pylse frå vest

5 kg kjøt (kyr, lam eller gris)
4 % salt
2 % sukker
2–3 liter god kraft

Det gir ofte ein god smak dersom ein brukar fleire typar kjøt. Fyrst knar ein kjøtet med salt og sukker til det blir seigt, spe så med kraft. Steik gjerne ei prøvecake og smak. Bruk krotarm, lat pylsene henge og «ta seg inn», dei kan også røykast på kaldrøyk i 2–3 timar ved 20–24 grader.

Denne pylsa inneheld:
Protein: 17,7 %
Feitt: 21,0 %
Karbohydrat: 2,0 %
Kcal per 100 gram: 268
KJ per 100 gram: 1122

Grunndeig til pylse

2,5 kg storfe
1,2 kg svin
½ kg lam
1–½ liter heilmjølkk
1 ½ dl fløyte
125 gr salt
1 ½ ss pepar
1 ½ ss allehånde

Mal kjøtet kvar for seg ein gong, på ei fire millimeter holskive. Elt grundig inn saltet, til ein kjenner at kjøtstrukturen «slepper», altså blir smidig og noko seig. Bland inn krydderet og spe med det ein ynskjer. Ein kan gjerne spe med berre kraft, då vil pylsa bli magrare, og ein må eventuelt bruke meir feite i deigen. Bland svært godt saman ved å bruke hendene.

Denne pylsa inneheld:
Protein: 14,5 %
Feitt: 15,3 %
Karbohydrat: 1,3 %
Kcal per 100 gram: 201
KJ per 100 gram: 842

Deigen delast i fire like store bitar og ein tilset smakar: Del ein av grunndeigen, der ein set til heilmjølkk, kan gjerne røykast.

Del to krydrar ein med 2 finhakka chili og 1 fersk, finhakka fennikel

Del tre krydra rein med 1 stor bunt hakka, fersk persille og ½ potte med fersk rosmarin, set også til heilmjølkk

Del fire krydrar ein med 3 pakker karve, set også til heilmjølkk

Desse pylsene er virkeleg morosame, då ein får ulike smaksopplevingar av same grunndeigen. Ein burde nyte pylsene medan dei er rykande ferske og varme!

Paprika- og chilipylse

3 kg grunndeig
2 kinesiske kvitlauk
20 gr vanleg paprikapulver
1 ss sterkt paprikapulver
1 ts sterkt chilipulver

Framgangsmåten er den same som i oppskrifta over denne, men det må seiast at denne oppskrifta vil resultere i ein rå smaksoppleving!

Denne pylsa inneheld:
Protein: 14,3 %
Feitt: 14,9 %
Karbohydrat: 2,6 %
Kcal per 100 gram: 202
KJ per 100 gram: 845

PYLSER AV SVIN

Medisterpylse

1 kg svinekjøt
300 gr spekk
ca ½–1 l fløytemjolk
½ ts muskatblomme
1 ts ingefær
1 ½ ts pepar
25 gr salt

Dette kan malast 10–12 gonger, spekket dei siste 3–4 gongene. Sidan kjøtet blir male så mange gonger, vil dette bli ei svært fin medisterpylse. Nokon vil nok meine at dette ikkje er nødvendig, men dette er opp til den som skal ete pylsa. Bland så inn saltet og elt godt vidare. Set til krydder og spe med væska litt av gongen. Her brukar ein kroktarm.

Denne pylsa inneheld:
Protein: 10,6 %
Feitt: 23,9 %
Karbohydrat: 1,6 %
Kcal per 100 gram: 264
KJ per 100 gram: 1106

Bodils julepylser, eit samarbeidsprosjekt

5 kg svin, frå nakke
1 kg småflesk utan svor
1,5–2 l heilmjolk
0,5 l fløyte
1 pk kvitmalt pepar
15 gr muskatnøtt
15 gr kardemomme
150 gr salt

Mal kjøtet på ei tre millimeter holskive, ein til tre gonger, alt etter kor grov ein ynskjer resultatet skal bli. Til jul er det kanskje stas med noko finare vare, og derfor velger mange å malt denne tre gonger på ei fin skive. Eit saltet grundig inn, før ein set til det andre krydderet og sper med mjolk og fløyte. Her kan ein også nytte god kraft dersom ein ynskjer eller likar det betre. I denne framgangsmåten brukar eg kroktarm av gris, som eg alltid tek av når pylsa skal etast. Dette er ein himmelsk munnfull av smak, konsistens og oppleving, pylsa er virkeleg svært god! Ein kan nesten miste medvitet av slike pylser!

Denne pylsa inneheld:
Protein: 13,7 %
Feitt: 19,3 %
Karbohydrat: 1,2 %
Kcal per 100 gram: 233
KJ per 100 gram: 977

Julepylse, for ein familie

1 kg svinekjøt, male tre gonger
½–¾ l mjølk
1 "skvett" fløyte
½ ss kardemomme
½ ss muskatblomme
½ ss kvitmalt pepar
1–2 ss salt

Bland kjøtet og salt godt. Set til resten av krydderet, spe med mjølk og fløyte. Smaken av muskat og kardemomme gir ein spenstig og utfyllande smaskombinasjon, som kun skal nytast til jul. Spe med væska til deigen får ein fin konsistens og fog den i kroktarm. Tilberei ved å trekkje pylsa i 20 minuttar. Ein draum av smak!

Denne pylsa inneheld:
Protein: 11,4 %
Feitt: 18,8 %
Karbohydrat: 2,2 %
Kcal per 100 gram: 224
KJ per 100 gram: 937

Gjuvsåpylse

4,5 kg lam
2 kg svin
2 l mjølk
3 dl fløyte
10 gr persille
5 gr salvie
15 gr kvit pepar
15 gr muskatblomme
5 knusa einebær
170 gr salt

Mal alt kjøtet ein gong, bland i salt og elt godt. Dryss i krydderet, smak deg fram til smaken du ynskjer pylsa skal ha. Spe med mjølk og fløyte. Ein god regel er at når ein sper,

skal blandinga ofte vere noko tunnare enn ein trur.

Denne pylsa inneheld:
Protein: 15,1 %
Feitt: 14,8 %
Karbohydrat: 1,2 %
Kcal per 100 gram: 198
KJ per 100 gram: 829

Olivenpylse

½ kg storfe, ferdig malen karbonadedeig
½ kg lam, ferdig malt kjøt
½ kg svin, ferdig malt kjøtdeig
½ kg svin, malast tre gonger
8 steinfrie, svarte oliven
1 frisk chili
4 fedd kvitlauk
4–5 dl mjølk
1 «skvett» fløyte
1–2 ss salt
3–4 ts grovmalen pepar

Dette er ei svært spennande pylse, smaken er kraftfull og «heit». Elt saman kjøtslaga og salt til deigen får ein seig konsistens. Set til krydder, kutt chili, oliven og kvitlauk i små bitar og set til. Spe med væska til konsistensen blir fin og seig. Om ynskjeleg, kan denne pylsa lagast så sterk at ein kjenner det riv heilt opp i hårrota, kinna blir varme og øyreflippene mørkeraude. Denne fogast i tarmar etter ynskje og trekkjast i god kraft i 20 minuttar. Makalaust!

Denne pylsa inneheld:
Protein: 15,3 %
Feitt: 14,0 %
Karbohydrat: 7,3 %
Kcal per 100 gram: 216
KJ per 100 gram: 905

Fennikelpylse

½ kg storfe, ferdig malen karbonadedeig
½ kg lam, ferdig malt kjøt
½ kg svin, ferdig malen kjøtdeig
½ kg svin, ferdig malen, 3 gonger
½–1 l mjølk
1 "skvett" fløyte
1 bunt med graslauk
1 fennikel
1 ss grovmalen pepar
1–3 ss salt
½ ss muskatnøtt

Bland saman kjøtslaga og dryss i saltet, elt dette til det blir seigt. Smak gjerne på kjøtdeigen slik at du får ei oppfatning av korleis smak og salt skal vere. Bland i resten av krydderet. Reins og finhakk fennikel, ved å bruke foodprocessor eller finhakke for hånd. Klypp graslauken i små bitar og set til, spe med mjølk og fløyte. Dette blir ei rund og fin pylse på smak, den er fint avstemt mellom smaken av fennikel og graslauk. Spe så mykje som du finn ynskjeleg, og mist forstanden av god smak!

Denne pylsa inneheld:
Protein: 13,6 %
Feitt: 13,3 %
Karbohydrat: 1,6 %
Kcal per 100 gram: 180
KJ per 100 gram: 754

Rosmarin- og paprikapylse

½ kg storfe, ferdig malen karbonadeig
½ kg lam, ferdig malt kjøt
½ kg svin, ferdig malen kjøtdeig
½ kg svin, ferdig malt, 3 gonger
1 raud paprika
1 potte med rosmarin
eventuelt 3 fedd med kvitlauk
½–1 l mjølk
1 "skvett" fløyte
1–3 ss salt
1 ss grovmalen pepar

Dette blir ei saftig og god pylse, fennikel fungerer svært godt saman med dei relativt feite kjøtsortane ein brukar i denne oppskrifta. Det som likevel er så spennande med fennikel, er at ein kan bruke mykje, men likevel vil ein ikkje merke anna enn den gode smaken. Den er likevel sterk, så ein kan gjerne bruke mange andre smakar i kombinasjon med fennikel, til dømes graslauk som eg har valgt til denne oppskrifta. Graslauk vil sjå flott ut i pylsa, men ikkje minst vil smakslaukane på tunga spissast, så her må ein regulere etter kva ein sjølv ynskjer. Ynskjer ein smaken ekstra spiss, kan ein knuse kvitlauk og setje til. Spe med væske til konsistensen ser ut som ei kjøtpylse. Nyt smaken, den er virkeleg makelaus!

Denne pylsa inneheld:
Protein: 14,0 %
Feitt: 14,6 %
Karbohydrat: 3,7 %
Kcal per 100 gram: 202
KJ per 100 gram: 844

Pylse med røykt kjøt

½ kg storfe, ferdig malen karbonadeig
½ kg lam, ferdig malt kjøt
½ kg svin, ferdig malen kjøtdeig
½ kg svin, ferdig malt, 3 gonger
¼ kg koka restar frå koka pinnekjøtt eller anna røykt kjøt
¾–1 l mjølk
1–2 «skvettar» fløyte
1 ss grovmalen pepar
1–3 ss salt
½ ss allehånde

Dette blir ei spesiell og ekstra god pylsa, den har alt som skal til! Pylsa er i utgangspunktet grov, men med eit hint av noko fint og med sjølve rosina i pylsa, det røykte kjøtet, som er ein bonus på alle måtar! Dersom ein har restar i frysaren, vatne det og kok det opp. Reins det fri for bein og kjøyr det ein omgang i foodprocessor. Bland det røykte og koka kjøtet saman med det andre kjøtet som du på forhand har elta godt med salt. Krydre etter smak og ynskje, men ein regel frå gammalt av seier at for å halde seg til tradisjonar held ein seg også til salt, pepar og allehånde, slik som gjort her. Spe med mjølk og fløyte til pylsefarsa får ein fin konsistens, dess meir rein sper, dess "lausare" blir pylsefarsa. Dette skal fogast i ein god tarm, og trekkjast i 20 minuttar. Pylsa smakar svært godt saman med rotstappe og koka poteter. Eg kan love deg at du vil skrike av smaks glede når du et desse pylsene!

Denne pylsa inneheld:
Protein: 14,2 %
Feitt: 13,7 %
Karbohydrat: 1,5 %
Kcal per 100 gram: 187
KJ per 100 gram: 780

Vinjesvingen Spesial

7 kg storfe
3 kg svin
2 kg lam
4,5 l heilmjølk
4,5 dl fløyte
4 ½ ss allehånde
4 ss grovmalen pepar
375 gr salt

Mal alt kjøtet på ei grov holskive, ein gong. Bland i salt og krydder, elt dette godt. Spe med fløyte og mjølk. Dersom du likar ein røykt smak, kan desse pylsene gjerne røykjast. Desse kan også frysast, men pass på at det ikkje er luft i posen når du frys dei, så det ikkje dannar seg is på pylsene. Tilberei pylsene ved å trekke dei i 20 minuttar.

Denne pylsa inneheld:
Protein: 14,4 %
Feitt: 15,2 %
Karbohydrat: 1,3 %
Kcal per 100 gram: 199
KJ per 100 gram: 833

INNMAT- OG BLODPYLSE

Fersk pylse av innmat

2 kg kokt, malt innmat, hjerte,
mellomgolv, lunger og jur
1 kg kjøtkurv
4 dl god, kald kraft
2 ts ingefær
2 ts pepar
2 ½ ss salt

Vatne innmaten godt, lat den ligge i rennande vatn i minst eit døgn, til den mister blodfargen. Skjer den i passe små bitar, og mal den to gonger. Arbeid innmaten og kjøtkurven godt saman, dryss i krydder og hell i krafta. Fog desse i tarm, passe fast. Legg dei i saltlake i to døgn, laken skal innehalde ein liter salt til fire liter vatn. Desse pylsene vil bli såpass sterke at dei må vatnast ut i to døgn før ein nyttar dei. Tilberei dei ved å trekkje dei i ein halv time, for så å steikje dei i ei panne. Ved servering, fjern skinnet, rull pylsene i brødrasp og brun dei i fleskefeitt.

Denne pylsa inneheld:
Protein: 19,9 %
Feitt: 15,7 %
Karbohydrat: 0,0 %
Kcal per 100 gram: 220
KJ per 100 gram: 922

Blodpylse, oppskrift etter Tores oldemor, 1872

4,8 dl blod
0,5 dl kraft/vatn
50 gr ister, nyrefeitt
140 gr talg
66 gr sukker
110 gr sikta rugmjøl
66 gr byggryn
30 gr rosiner
2 gr svart pepar
1 gr nellik
2 gr allehånde

Legg gryn og rosiner i bløyt kvelden før dei skal brukast. Kok talget, rense isteren for hinner og skjer det i terningar. For at desse ikkje skal klebe kan ein blande 1/3 av sukkeret inn i terningane. Det er svært viktig at sukkeret rørast godt ut i vannbad på om lag 40 grader. Mal talg og feitt, bland dette godt saman med det oppvarma blodet. Set til salt, krydder, mjøl og sukker. Hell i varm kraft. Fjern rosiner og byggryn frå bløytevatnet og dryss i, set til isteret. Blodfarsa heller ein i kroktarm, 37/40 eller 40/43, eventuelt plasttarm 40/42 med mer. Tilbereiast ved å kokast i kjele på 80 grader, fram til kjernetemperaturen har nådd 76 grader, ca 20–30 minuttar.

Denne pylsa inneheld:
Feitt: 22 %
Protein: 11,9 %
Karbohydrat: 24,6 %
Kcal per 100 gram: 344
KJ per 100 gram: 1439

Blodpannekaker

1 l blod
50 gr fleskefeitt
om lag 200 gram godt byggmjøl
om lag 200 gram malt talg
3 ss sukker
2 ts salt
1 ts nellik
1 ts allehånde

I denne samanheng vil eg nevne at dette er ikkje ei pylseoppskrift, men likevel ein morosam kurositet. Lag ei glatt og fin røre, lat den svelle ei lita stund. Steik fine pannekaker, strø finmalt talg på pannekaka. Desse er svært gode saman med meierismør og sirup, men ikkje minst nyrørt tyttbærsyltetøy. Dette er eit svært næringsrikt måltid.

Denne pylsa inneheld:
Protein: 13,0 %
Feitt: 13,9 %
Karbohydrat: 12,4 %
Kcal per 100 gram: 227
KJ per 100 gram: 950

Pylser av innmat

½ kg kjøt av innmat
½ kg flesk
1 kg poteter
150 gr lauk
100 gr potetmjøl
1–2 ts ingefær
2 ts grovmalen pepar
1–2 ss salt

Reins og kok innmaten i om lag ein halv time, kutt den så i små bitar og mal den to gonger saman med kjøt, lauk og flesk. Bland i krydderet og arbeid deigen godt saman. Stapp deigen i tarmar, pylsene må saltast såpass mykje at dei toler å henge ei stund. Dersom lufta er rå rundt deg, kan det vere klokt å røykje dei. Dei kan også frysast eller leggst i saltlake. Legg ein dei i saltlake, må ein alltid beregne utvatning før bruk av pylsene. Kok pylsene og server saman med ei god rotstappe, gode poteter og ein nydeleg saus. Knallgodt!

Pylse av gjøkalv, innmat

½ l riven, koka lever
¼ l rive kveitebrød
3 ss smør
3 ss fløyte
2 egg
1 ss hakka mandlar
1 ss korinter/rosiner
1 ss sukker
1 ss kardemomme
1 ss salt

Bland saman ingrediensane, fyll dei i kroktarm. Pass på at dei ikkje blir fylt for fast, då vil dei svelle ved koking.

Denne pylsa inneheld:
Protein: 16,1 %
Feitt: 26,7 %
Karbohydrat: 25,3 %
Kcal per 100 gram: 407
KJ per 100 gram: 1698

Surpylse

5 kg kokt kjøt
1 kg feite
1 ½ kg byggryn
2 l mjølk
1 l kjøtkraft
allehånde
ingefær
nellik
pepar
4 ss salt

Kok byggryna møyre og avkjøl dei i kaldt vatn. Mal det koka avskjæret etter slakting og kraftkoking. Kok grisesvor om mal den som bindemiddel i pylsa. Smak til med krydder og stapp i kroktarm. Pylsene vil forvelle, heng dei opp på staur til syrning i romtemperatur, lat dei henge i 3–4 døgn. Pylsene må vendast av og til, for til slutt og frysast. Serverast saman med kålrotstappe og poteter, pylsene steiker ein i sitt eige feitt.

Denne pylsa inneheld:
Protein: 12,4 %
Feitt: 19,9 %
Karbohydrat: 13,2 %
Kcal per 100 gram: 282
KJ per 100 gram: 1178

Variant av surpylse

1 oksehovud
eventuelt andre kjøtrestar
1 kg byggryn
 $\frac{3}{4}$ –1 kg nyretalg
kraft
1–2 ss salt
1 ss pepar
1,2 ss ingefær

Vatne ut hovudet, kok det til kjøtet slepp frå beinet. Mal kjøtet på kjøtkvern. Bløyt gryna og kok dei i krafta, når dei har kokt opp set ein til den malne nyretalgen, lat dette koke ei stund. Set til krydder og salt. Bland saman kjøt, grynmasse og krydder, stapp dette i tarmar. Dypp pylsene i kokande vatn til tarmen er kokt. Heng pylsene varmt i 3–4 dagar for at dei skal surne, for så å henge dei kaldt. Når ein skal bruke pylsene, steik dei i eige feitt, til dei blir brune og sprø. Server gjerne saman med brød og poteter, saman med godt drikke!

Denne pylsa inneheld:
Protein: 12,7 %
Feitt: 32,1 %
Karbohydrat: 19,6 %
Kcal per 100 gram: 418
KJ per 100 gram: 1748

Grynpylse

1 l byggryn
1 kjøtknoke
250 gr fleskesvor
250 gr kjøtrestar
300 gr rå poteter
1–2 lauk
salt
pepar
fleskefeitt

Legg gryna i bløyt natta over, kok dei i vatn. Kok fleskesvor og knoken kvar for seg, mal den koka svoren ein gong. Skjer opp poteter og kjøt i små terningar og bland det saman med gryngrauten. Kutt lauken i svært små bitar og bland saman. Hell i såpass mykje kraft at det blir ei god masse. Mange brukar fleskefeitt til denne retten, medan andre stappar den i tarm. Valget er ditt!

Denne pylsa inneheld:
Protein: 12,1 %
Feitt: 19,6 %
Karbohydrat: 34,8 %
Kcal per 100 gram: 364
KJ per 100 gram: 1523

Leverpylse

1 kg lever
1 kg flesk
1 ts allehånde
1–2 ts pepar
1 ss salt

Vatne godt ut levra, skjer den i fine bitar. Mal lever og flesk, dryss i krydder. Stapp dette i tarm og kok det, eventuelt legge den i lake eller røykje den.

Denne pylsa inneheld:
Protein: 13,8 %
Feitt: 38,1 %
Karbohydrat: 0,0 %
Kcal per 100 gram: 399
KJ per 100 gram: 1657

Kvit pylse

250 gr risengryn/byggryn
2 l mjølk
150 gr rosiner
200 gr småhakka nyretalg
275 gr kveitemjøl/byggmjøl
4 egg
2 ss sukker
1 ss salt
½ ss kardemomme

Kok gryna i mjølk, set til rosiner, småhakka nyretalg og krydder. Om ein ynskjer å bruke byggryn, bør ein også bruke byggmjøl. Stapp pylsene i tarm og kok/trekk dei. Et dei rykande varme saman med godt smør!

Denne pylsa inneheld:
Protein: 5,2 %
Feitt: 9,6 %
Karbohydrat: 20,9 %
Kcal per 100 gram: 191
KJ per 100 gram: 799

Grisepylse

1 kg kjøt
½ kg flesk
¾ ss allehånde
¾ ss timian
1–2 ss salt
1 ss pepar

Mal kjøt og flesk av gris to gonger. Arbeid dette godt saman og set til salt og krydder. Føg pylsene i svinetarm. Dersom ein er forsiktig med saltet, kan ein gjerne legge dei i saltlake ei stund. Ynskjer ein å lagre dei til spekepylse, kan ein legge dei i korn eller havremjøl. Desse pylsene smakar svært godt steikte, gjerne saman med godt maltøl!

Denne pylsa inneheld:
Protein: 13,6 %
Feitt: 40,2 %
Karbohydrat: 0,0 %
Kcal per 100 gram: 416
KJ per 100 gram: 1742

Blodpylse

1 l blod
1–2 koppar med byggryn
3 dl potetrasp
150–200 gr byggmjøl
200–300 gr nyretalg
1–2 ts allehånde
1 ts nellik
1–2 ts ingefær
1–2 ts timian
1–2 ts pepar
eventuelt lauk

Bløyt gryna og skyl dei, bland dei saman med blodet. Ein kan gjerne koke byggryn ut i kraft på forhand. Skjer nyretalgen i små terningar, bland i krydder etter vane og smak. Mange brukar her litt byggmjøl eller rugmjøl. Fyll ¾ av tarmen, då desse vil svelle mykje. Dersom ein lagar svært tjukke pylser, må dei antakeleg trekkje i opptil 2 timar. Desse kan lagrast kaldt, eller leggst i ei sur myse.

Denne pylsa inneheld:
Protein: 11,8 %
Feitt: 11,6 %
Karbohydrat: 29,6 %
Kcal per 100 gram: 270
KJ per 100 gram: 1130

SPEKEPYLSER

Spekepylser kan ein laga av hestekjøt, sauekjøt, svinekjøt, viltkjøt, eller ei blanding av forskjellige kjøtslag. Ein kan til t.d. blande oksekjøt og kalvekjøt, oksekjøt og svinekjøt, eller svinekjøt og kalvekjøt. Ikkje minst kan ein blande viltkjøt som t.d. elg, hjort og reinskjøt saman med lammekjøt. Ein kan også nytte seg av innmat, som t.d. lever.

Kjøtt til spekepylser må vere heilt fri for feitt, og ein må skrape vekk alt av hinner. Om dette ikkje blir gjort, vil ein sjå synlege kvite trådar i den ferdige pølsa. Pylser med mykje bindevev vil bli grove og korte, og har derfor lettare for å krympe enn pylser med finskrapa kjøtt. Kjem det feite med i deigen, særleg då hestefeitt eller elgfeitt, vil pylsene ha lett for å bli harske. Som feitt i pylser bør ein bruke spekk, brukar ein talg, kan dei lett bli sprø. Noko av spekket kan malast 2 gonger, resten kuttar ein i små terningar og blandar i deigen til slutt. Spekkterningane kan gjerne ligge nokre timar i saltlake, på denne måten blir dei ikkje harske i pylsene. Ein kan velje mellom mange smaksvariantar, t.d. sukker eller sirup, eller begge deler. Dette er for at pylsene skal bli møyare, og snittflata vil bli blankare. Pepar, allehånde og nellik er ofte basiskrydderet i ei spekepylse. Ein kan spe med vatn, men pylsene blir sjølvstekt betre på smak om ein spanderar litt sur raudvin eller konjakk i deigen. Brukar ein blod i spekepølsa, vil ho få ein mørkare farge. Dess meir ein sper pølsa, dess meir vil ho skrumpe inn. Ein reknar om lag ½ liter væske til 10 kilo deig. Til slikt arbeid må ein bruke hendene, men ein må ikkje sleppe deigen medan den er varm. Arbeid inn det malne spekket, krydderet og til slutt spekkterningane. Bruk sterke og vide tarmar, gjerne hestetarmar

eller bundende. Ein kan også laga pylseskinn av dunlerret eller ubleika lerret. I dag kan ein også kjøpe ulike fibertarmar, ulike storleikar og ulike tjukknadar. Her må ein skilje tarmene ut frå kva behandling dei treng. Fyll tarmene godt med rennande vatn, og sjå til at dei er fri for feitt og er reingjorte. Del tarmen i passe lengder og fog deigen i tarmene. Dette kan gjerast på mange måtar, blant anna ved å bruke pylsehorn på håndkjøtkverna eller å bruke ei elektrisk håndkvern. Atter andre går til innkjøp av eigne pylsefogarar, meir eller mindre tekniske og svært kostbare. Pass på at tarmene blir jamt og godt foga, prikk ut lufta og stryk vekk luftbobler forsiktig med hendene. Knyt godt igjen, med god plass i begge endar, slik at hyssingfestet ikkje glir av. Lag ei solid og god hempe. Når ein arbeider med spekepylser, er det svært viktig at rommet er kaldt og deigen det same. Ein burde fordele arbeidet på to dagar, blir deigen for varm, kan pylsene fort bli korte. Om ein vil dele arbeidet på fleire dagar, er det lurt å skrape, salte og gjerne male kjøttet den fyrste dagen, og oppbevare det så kaldt som mogleg om natta, for så å gjere pylsene ferdige den andre dagen.

Ein kan lakesalte eller tørrsalte spekepylsene. Saltar ein dei i lake, må dei ligge i 1 ½–2 døgn, avhengig av storleik. Når ein tek opp pylsene og tørkar av dei, er det lurt å la dei henge lunt i om lag ei veke. Så kan ein røyke dei, henge dei til tørking, og ta dei i bruk etter to til tre månadar. Spekepylser har lett for å bli harske og korte, dei kan også løysne frå skinnet. Det er ofte eit resultat av at deigen ikkje er skrapa rein nok frå bindevev og at pylsene ikkje er foga fast nok. Det kan også forklarast med at deigen var for varm eller at ein nytta for mykje varm røyk.

Skal ein laga gode pylser må ein:

- bruke kalde råvarer
- sørge for at alt er så kaldt som mogleg under arbeidsprosessen
- arbeide raskt
- pylsene må fogast fast og godt
- røyke pylsene i kald røyk
- pylsene må ikkje henge for varmt under spekinga

Raulandspylsa

9 kg elgkjøt, malast fem gonger
6 kg lammekjøt, malast fem gonger

1,5 kg spekk, i små terningar

750 gr mørk sirup

1 ½ flasker fjellmatakevitt

1 flaske raudvin

3 ss sukker

6 ts nellik

6 ts muskat

6 ts grovmalen pepar

½ kg salt

1 krydderglas med heil, nyrista kald pepar

Bland det malne kjøttet i ei balje. Set til krydder, sirup og væske. Det er i slike stunder det er morosamt å kunne arbeide med så store porsjonar, det er virkeleg ei fryd å helle i ei heil flakse med akevitt! Bland godt saman, saltet setjast til i slutten når ein lagar spekepylser. Smak på deigen og vurder om den er salt nok. Smakar det lite salt, kan ein salte meir, eller eventuelt legge dei ferdige pylsene i grovt salt over natta.

Denne pylsa inneheld:

Protein: 22,6 %

Feitt: 25,2 %

Karbohydrat: 5,6 %

Kcal per 100 gram: 340

KJ per 100 gram: 1421

Bypylse

4,4 kg svinekjøt
11 kg storfekjøt
1,2 kg spekk
6 kinesiske kvitlauk
0,6 l konjakk
1 flaske sur raudvin
½ kg mørk sirup
½ kg salt
1 glas heil pepar
½ glas grovmalen pepar
1 ½ pakker med malt allehånde
3 ss sukker

Kvern kjøtet fem goner på ei tre millimeter holskive, skjer spekket i små terningar. Dryss i nyrista heil pepar og resten av krydderet. Kvitlauken kan ein male eller hakke i små bitar. Set den til saman med salt og kna så godt som råd. Spe med væske og bland alt saman svært grundig. Bruk fibertarm, pass på at ein får ut lufta av dei. Lat pylsene henge nokre dagar på ein lun stad, før ein så heng dei kaldt. Ein kan også røyke dei i 3–4 timar på 20–26 grader.

Denne pylsa inneheld:
Protein: 22,5 %
Feitt: 28,9 %
Karbohydrat: 4,4 %
Kcal per 100 gram: 368
KJ per 100 gram: 1539

E-134 pylse med hint av vegsalta elg

9 kg reinskore elg
6 kg reinskore lam
3,5 kg svin
6 kinesiske kvitlauk
½ kg mørk sirup
½ l konjakk
1–½ l raudvin
3 ss sukker
15 gr allehånde
½ kg salt
½ krydderglas med grovmalen pepar

Mal kjøtet fem gonger kvar for seg, skjer spekket i små terningar. Elt alt for hand, så lenge som mogleg slik at det blir seigt og limar seg godt saman. Set til krydder, men ikkje alt på ein gong, då ein aldri veit korleis kjøtmengda reagerar. Hell i sirup, væske og sukker, bland dette godt saman. Stapp dette i tarmar og prikk ut eventuelle luftlommar. Så gjenstår det kun å stryke dei fint, klappe dei grundig og henge dei til lovande frittgåande lufting!

Denne pylsa inneheld:
Protein: 24,1 %
Feitt: 19,4 %
Karbohydrat: 4,0 %
Kcal per 100 gram: 287
KJ per 100 gram: 1200

Bondepylse

5 kg storfe
5 kg lam
1,2 kg spekk
375 gr mørk sirup
4 dl raudvin
3,7 dl konjakk
2 ss sukker
6 ts grovmalen pepar
6 ts muskatnøtt
1 ½ ts nellik
325 gr salt

Mal kjøtet fem gonger, då blir det seigt i strukturen. Set til salt og elt godt, bland i krydder, sukker, sirup og væske. Her må ein nyte lukta, smaken og odøren!

Denne pylsa inneheld:
Protein: 22,0 %
Feitt: 33,0 %
Karbohydrat: 4,5 %
Kcal per 100 gram: 403
KJ per 100 gram: 1687



Vinjesvingen de luxe

5 kg reinskore lam
½ kg spekk
250 gr mørk sirup
3 dl raudvin
2 dl konjakk
2 ts allehånde
2 ts ingefær
2 ts muskat
2 ts nellik
2 ss grovmalen pepar
5 ss salt

Mal kjøtet fem gonger, skjær små terningar av klaka spekk. Bland i salt, krydder, sirup og væske. Her kan ein nytte den gode lukta og det vakre, noko vemodige synet av raudvin og konjakk i pylsa, og ikkje minst glede seg til resultatet!

Denne pylsa inneheld:
Protein: 21,0 %
Feitt: 34,5 %
Karbohydrat: 5,7 %
Kcal per 100 gram: 417
KJ per 100 gram: 1747

Reinsdyrgalskap

4 kg reinskore reinsdyrkjøtt
1 kg storfekjøtt
½ kg spekk
150 gr mørk sirup
2 dl raudvin
1,2 dl genever
1 ½ ss sukker
2 ½ ts muskatnøtt
1 ½ ts nellik
2 ½ ts grovmalen pepar
200 gr salt

Ja, dette er galskap, då det knapt eksisterar folk som har så mykje reinsdyrkjøtt at dei kan laga pylser av det. Det blir omtrent som å laga saft av villbringebær, då har ein sanneleg plukka mange! Men då seier det seg sjølv at med så godt

kjøtt, må det bli rektig gode pylser! Desse pylsene leggst i grovt salt i eit døgn, før dei røykjast kaldt og blir hengt opp til speking.

Denne pylsa inneheld:
Protein: 24,9 %
Feitt: 22,1 %
Karbohydrat: 3,8 %
Kcal per 100 gram: 314
KJ per 100 gram: 1312

Morrrpylse (Bodil Spesial)

2 kg ferskt kjøtt
1 kg salta, eventuelt røykt kjøtt og flesk
3 ts pepar
1 ½ ts ingefær
1 ½ ts nellik

Til denne pylsa kan ein nytte både sau, lam, storfe og gris. Dersom ein nyttar kjøtt som har ligge i saltlake, treng ein ikkje salte deigen, og heller ikkje salte pylsene etter dei er ferdige. Mal alt ein gong, set til krydderet og arbeid deigen saman til den får ein seig konsistens. Lag lange, faste pylser, heng dei luftig på ein stakk. Røyk dei og heng dei til lufting. Desse pylsene er ferdige på om lag 5 veker.

Denne pylsa inneheld:
Protein: 20,0 %
Feitt: 24,5 %
Karbohydrat: 0,0 %
Kcal per 100 gram: 301
KJ per 100 gram: 1260

Morrrpylse (kurv) av innmat

4 kg kjøtt og innmat
1–2 kg flesk
4 ss sirup
1 ts allehånde
1 ts nellik
1 ts ingefær
2 ts grovmalen pepar
1 ss salt


Vatne godt ut innmaten (mellomgolv, hjarte, eventuelt lungene), reins fri for sener og hinner. Del innmaten i fine bitar og forvell dei, malast 1–2 gonger. Mal kjøtet og flesket 1–3 gonger, alt etter kor grov holskive ein brukar. Salte og krydre på same måte som til spekepylse. Fog/stapp i kroatarm, legg så pylsene i grovt salt eit par dagar. Morrrpylsa kan røykjast, men det er mest vanleg å nytte den urøykt. Sidan det er mykje feitt i desse pylsene, toler dei å henge i 2–3 månadar. Pylsene kan brukast som dei er, men dei kan også kokast, til dømes i suppe eller saman med poteter og kålrot.

Denne pylsa inneheld:
Protein: 22,8 %
Feitt: 19,6 %
Karbohydrat: 1,6 %
Kcal per 100 gram: 274
KJ per 100 gram: 1147



MATRETTAR





**Pylser
på Bogstad**



Pylsemakarens frukost

medisterpylse med raud lauk
hakka i småbitar

1 heil medisterpylse, rund
eller rett
1 raud lauk
eventuelt god sennep

Varm opp pylsa i kraft, buljong eller vatn. Lat den trekkje i om lag 20 minuttar på 80 grader. Skjer så eit snitt med ein tynn kniv langs heile pylsa. Hakk raud lauk i små bitar og fyll snittet i pylsa med dette, og vær gjerne raus med lauk til denne oppskrifta. Et måltidet med det same!

Etter Tore Teigens utsagn, skal dette vere draume-frukosten til alle pylsemakarar, då dette er kraftig kost for kraftige karar!

Enkel pylserett

1 heil, rund medisterpylse,
ei god mengde å servere til
tre personar
1 raud lauk
250 gr mandelpoteter
4 sjalottlauk
75 gr smør
2 dl 7 % kvit eddik
1 ss sukker

Vask, reins og eventuelt skrel potetene. Del lauken i båtar og legg dei i ein lake av eddik og sukker i eit par timar, til du ser at fargen får ein nydeleg nyanse. Dette er reinaste trylleformelen! Reins og skjer sjalottlauken i fine små bitar. Smelt smøret og set lauken til. Her kan ein gjerne bruke god sennep om ein ynskjer.

Pylsemakarens frukost:


... skal vere draume-
frukosten til *alle*
pylsemakarar



Enkel pylserett



Pylsemakarens frukost



**Pylse med makaroni-
stuing:** I denne retten
passar det best å bruke
steikt pylse.



Pylse med makaronistuing

Pylser etter smak og hushald
200 gr makaroniskruar
50 gr smør
1 dl fløyte
1–2 ts grovmalen pepar
1 ts salt

GRØN SALAT:
½ isbergssalat
5 små tomater
½ purre
½ paprika
1 liten boks ananas
grov, gjerne litt søt sennep

Her kan du bruke pylser
etter smak eller kva ein
har tilgjengeleg. Kok
makaroniskruane og skyl dei
så i kaldt vatn. Set til smør,
fløyte og smak til med krydder.
Lat den trekkje ei lita stund.
Lag ein frisk og grøn salat av
grønsakene. I denne retten
passar det best å bruke steikt
pylse. Det er opp til deg om
du ynskjer å bruke ei grov
lammepylse, eller ei finare
utgåve av pylser. Lat pylsa
surre seg varm i steikepanna.
Dersom pylsa er røykt, treng
ho om lag 10–15 minuttar.
Dette er ei god og velsmakande
oppskrift uavhengig av kva
pylse ein brukar!

Pylse med tomatsalsa

2–4 røykte, grove pylser
1 raud lauk
2 dl eddik, 7 % klar
2 ss sukker

TOMATSALSA:
1 boks knusa tomater
eller 4 heile tomater
3–4 fedd kvitlauk
1 raud lauk
1 raud paprika
½ dl olje
½ potte med basilikum
½ sitronsaff
eventuelt pinjekjerner
eventuelt chili
1 ts grovmalen pepar
½ ts salt
godt brød i bitar

Bland alt det kalde i
foodprocessoren og kjøyr
til passe konsistens. Ved å
bruke olje kan du regulere kor
sterk eller svak du ynskjer å
laga salsaen. Reins og skjer
lauken i fine båtar og legg der
eddiklake i om lag ein halvtim.
Trekk pylsene i kraft til dei er
gjennomvarme. Bryt eit godt
brød i fingerbitar og server
dei i ei korg. Dette er typisk
kosemat, mat ein kan plukke
og dyppe i tomatalsaen. Her
må ein sjølvstundt unne seg god
drikke til!

Pylse med mangosennepe

3–4 røykte bratwurst
½ pakke med båndpasta

MANGOSENNEPE:
chili, mango, sukker, lauk,
salt, pepar



Pylse med mangosennep

Pylse med kålrot- og gulrotstuing

1 pylsering, bratwurst med karve
3-4 gulrøtar
½ kålrot
75 gr smør
vårlauk/purre
grov og søt sennep
eventuelt vatnkringler

Reins og skjer grønsakene i passande bitar slik at dei er lette å koke. Sil av vatnet og mos dei med ein håndstamp eller ein foodprocessor. Ha blandinga attende i kjelen og set til litt kvitseidsmør, som gjev ein syrleg og god smak. Trekk pylsa til den er gjennomvarm. Skjer eit langt snitt i pylsa og legg rektig god sennep i snittet. Rotstappe og vatnkringler er svært godt saman med denne karvepylsa. Iskaldt øl er eit sjølvsagt drikke til dette måltidet!

Pylse med søtpotetpuré

3-4 røykte bratwurst (om lag ei pylse per person)
3 søtpoteter
1 pakke frosne grønne ertar
1 raud lauk
2 dl eddik, 7 % klar
1 ss sukker
mangosennep

Vask og skrell søtpotetene, koke dei passe møyre. Stampe eller mose dei med eit moseapparat. Ha dei attende i kjelen og smak til med smør, salt og pepar. Den har ein svært flott farge og passar svært god til pylserettar. Skjer lauken i båt og legg den i eddik og sukker i om lag ein time. Pylsene kan dampast eller steikast. Varm opp vatn til dei grønne ertane, det varme vatnet fungerer so ei sjokkbehandling når du legg dei i vatnet. Server dette med mangosennep. Alt dette er eit spørsmål om smak, då boka vil være eit stort sprang frå dei enkle søte grove sennepen, til heimelaga variantar med ulike smakar. Poenget er å balansere syre og feitt, det estetiske og smakfulle.



Pylse med søtpotetpuré: Poenget er å balansere syre og feitt, det *estetiske og smakfulle*.





Pylse med søtpotetpuré

Røykt medisterpylse med druer

1 heil medisterpylse, rund
½ kg små, steinfrie druer
1 dl ljose rosiner
50–100 gram mandlar
2 ss smør

Skjer eit djupt snitt i heile pylsa. Fyll snittet med rosiner og grovhakka mandlar. Del druene på langs og legg dei i snittet og rundt pylsa. Smelt smøret og drypp det over pylsa. Set pylsa i omnen i 15 minuttar ved 170 grader. Nydeleg godt!



Pylser med appelsindampa gulrøtar og heimelaga potetstappe: *ein morosam vri på servering av pylser, matlaging skal være morosamt!*



Pylse med appelsindampa gulrøtar og heimelaga potetstappe

1–4 medisterpylser
1 kg mandelpoteter
½ l mjølk
1 dl fløyte
3 gulrøtar
5 dl appelsinjuice
grovmalen pepar
salt

Vask og skrell mandelpoteter del dei i passe store bitar, kok dei så i mjølk og fløyte. Dekk potetene med væska, kok dei møyre, stamp dei saman med den innkoka mjølka til ei fin eller grov heimelaga stappe. Smak til med salt og pepar. Det er ikkje nødvendig å sette til smør når du kokar i mjølk og fløyte.

Kok opp appelsinjuicen, reduser den til ein tredjedel. Skrell og del opp gulrøtene i fine stavar, og trekk gulrøtene i denne juicen.

Varm opp og trekk pylsa. Her brukar eg ei heil medisterpylse forma som ein ring. Vidare har eg fylt pylseringen med potetstappe for så å sette gulrotstavane på høgkant i stappa. Dette blir gjort for å skape ein morosam vri på servering av pylser, matlaging skal vere morosamt.



Pylse med appelsindampa gulrøtar og heimelaga potetstappe

Pylse med tagliatelle/ bandspaghetti

1-4 røykte middagspylser
½ pakke med bandpasta
basilikum-pesto/-saus:
5 ss god olje
1-2 ss vellagra ost (Holtefjell)
5 ss finhakka persille
½ potte med frisk basilikum
1-2 fedd kvitlauk
¼ ts tørka muskatnøtt
eventuelt knusa valnetar
finklypt frisk basilikum
grovmalen pepar
½-1 ts salt



Bland alle ingrediensane til basilikumsausen i food-processoren, køyr den til sausen er passe blanda. Kok opp mykje vatn til pastaen. Kok den til konsistensen er passende, koka reint for mykje blir pastaen fort klabbete. Skyl pastaen i kaldt vatn, hell den attende i kjelen. Set til basilikumsausen og bland godt. Trekk pylsene på 80 grader i 15-20 minuttar. Legg pylsene på ei seng av pastaen, pynt med mykje finklypt basilikum og gjerne litt riven ost med god smak. Svært godt!

Pylse på bøneseng

1 medisterpylse/ grov røykt lammepylse/trollpylse
50 gr kvite bønner
50 gr kikertar
10 snittebønner
1 dl frosne grønne ertar
2 dl appelsinjuice,
eventuelt 1 dl turr kvitvin
1 kvast kjærvel

Bløyt og kok bønner og kikertar. Kok opp appelsinjuice og eventuelt kvitvin. Reduser dette til halv mengde. Set til koka bønner og kikertar, skjer snittebønnene i små fine strimlar, set dette til den flytande blandinga. Set til de grønne ertane. Smak til med eventuelt litt salt.

Trekk pylsa slik at den er gjennomvarm, og legg denne i fine serveringsbitar på ei seng av bønner og ertar. Pynt med kjærvel og nyt det ferdige resultatet!

Pylse på bøneseng:

Pynt med kjærvel og *nyt det ferdige resultatet!*




Pylse med tagliatelle/bandspaghetti



Pylse på bøneseng



Pylser i gryte



Pylse-gulasj

½ kg knakkwurst
eller røykte pylser
4 lauk
4 fedd kvitlauk
40 gr smør
1 kg poteter
1 boks knusa tomater
2 ss tomatpuré
½ l kraft
125 gr sopp
1 raud paprika
½ kålhovud
1 kvast frisk timian
1–2 ts oregano
1–2 ts sterkt paprikapulver
1 kvast persille
1–3 ts salt
1–2 ts grovmalen pepar
litt graslauk
grovt, godt brød og sennep er
godt til denne retten!

Reins og skjer lauken i skiver, surr den blank. Skrell og skjer potetene i terningar, legg dei i ei stor gryte saman med lauken. Set til tomater, kraft og krydder, lat dette trekkje i om lag 20–30 minuttar. Om du ynskjer, kan du få pylsene, skjere dei i fine serveringsbitar og legge dei til i gulasjen. La retten bli gjennomvarm og server med godt, grovt brød.

Vintergryte med pylser

1 kg pylser, gjerne grove
og med mykje smak
4 lauk
6 gulrøtar
½ sellerirot
4 purre
8 poteter
1 stor bunt persille
2 ss smør
2–3 ts salt
2–3 ts grovmalen pepar

Reins og hakk lauken, legg den i ein stor kjele, lag ein krydderkvast av det grønne på purra, selleriblad og persille. Set til kokande kraft og la det småkoke. Fjern krydderkvast og sil av krafta. Ha krafta attende i kjelen og set til reins og fint skorne grønsaker i krafta, saman med poteter skorne i fine terningar. Skjer pylsene i fine bitar og legg desse i når grønsakene er omtrent ferdig koka. Strø godt med persille over retten ved servering, og et saman med godt, varmt brød.



Vintergryte med pylser: Strø godt med persille over retten ved servering, og et saman med **godt, varmt brød**.



Pylse-gulasj

Pylse- og paprikagryte


½ kg urøyt bratwurst
½ kg lauk
1 kg små poteter
3 grønne paprika
2 raude paprika
8 mogle tomater/1 boks knusa tomater
4 ss smør
1 sitron
1 glas tomatpuré
1 liter kraft
1 ts timian
1 ts salt
1 ts pepar
2 ss paprikapulver

Skrell og reinse lauken, surr den blank. Set til kraft, krydder og tomatpuré og knusa tomater. Lat dette trekkje til det smakar godt av krafta, legg små skrella poteter i gryta, set så til flådde pylsebitar og oppskjert paprika. Lat dette putre til det er møyrt, smak til med eventuelt salt og pepar. Denne retten passar godt saman med ein frisk, grøn salat og eit godt, nysteikt brød.

Pylseragu

½ kg pylser
2 lauk
5 gulrøtar
½ sellerirot
3 purre
250 gr sopp
3 ss tomatpuré
½ flaske raudvin
4 dl god kraft
1 laurbærblad
1 ts timian
2 dl seterrjome (kan bruke lett)
2 dl fløyte
4 ss smør
2 ts salt
2 ts grovmalen pepar
1–2 ts paprikapulver
persille

Brun lauk, set til krydder, tomatpuré, raudvin og kraft. Kutt opp gulrøtar og purre i små bitar. Legg dei i gryta og lat dei trekkje i 20 minuttar. Del opp soppen, fres den og set den til i gryta. Smak til med rjome og fløyte, og gjerne raust med persille. Legg små pylsebitar i gryta og lat dei trekkje dei siste 15 minuttane av tilberingstida. Lag gjerne ei heimelaga potetstappe til denne retten, det er svært godt!



Pylse- og paprikagryte

Pylse- og paprikagryte: passar godt saman med ein frisk, grøn salat og eit godt, nysteikt brød.





Pylseragu

Restegryte med pylser

restar av pylsesortar
etter ynskje
2 lauk
1–2 fedd kvitlauk
2 ss olje
1 skive selleri
3 gulrøtar
2 purre
4 dl kraft
4 dl grønne bønner
150 gr sommarfuglmakaroni
5 ss riven ost, gjerne cheddar
mengder med nyklypt persille
1–2 ts salt
1–2 ts grovmalen pepar

Skrell og reinse lauken, fres den blank saman med kvitlauken. Set kraftige til terningar av selleri og gulrot, saman med kraft. Trekk dette under lokk i 15 minuttar. Kok sommarfuglmakaronien til den er passe møyr og skjær pylsene i små bitar og set dette til i gryta saman med grønne bønner. Smak til med krydder, set til osten og mykje persille. Server saman med eit godt brød!

Fargerik pylsegryte

1–2 kg pylser av lam
2 store lauk
6 gulrøtar
10 sjalottlauk
250 gr grønne ertar
250 gr grønne bønner
6 tomater
2 kvastar persille
 $\frac{1}{2}$ potte med basilikum
 $\frac{1}{2}$ raud paprika
 $\frac{1}{2}$ gul paprika
2 ss olje
 $\frac{1}{2}$ liter tomatjuice
1–3 ts salt
1–3 ts grovmalen pepar

Skrell og skjær opp lauk og gulrøtar, tilbered dette i ein kjele med olje, salt og pepar. Hell i tomatjuice, set til ertar, bønner, paprika og tomater. Set til krydderet og lat det putre saman med pylsebitane. Her kan ein servere baka poteter og god, heimebaka loff med kviteseidssmør til.

Irish stew med pylser

1 kg grove pylser av lam
10 poteter
2 lauk
3 purre
6 gulrøtar
 $\frac{1}{2}$ – $\frac{3}{4}$ liter kraft
1 stor bunt persille
1–2 ts salt
2 ts heil pepar

Reins og skjær grønsakene og potetene, legg dei i ei gryte med krafta. Legg lagvis med pylsebitar og grønsaker og la det putre til alle ingrediensane får den gode smaken ein vil oppnå. Om ein ynskjer, kan ein nytte byggryn i denne retten, i den mengda ein finst tilstrekkeleg. Pynt retten med persille.



Irish stew med pylser: ... lat det putre til alle ingrediensane får *den gode smaken*.



Fargerik pylsegryte

Linsegryte med pylser

½–1 kg medisterpylse
300 gr grønne linser
3 lauk
1 persillerot
5 gulrøtar
2 ss smør
5 dl god kraft
2 fedd kvitlauk
2 ts eddik
3 purre
1 ts muskat
1 ts timian
1 ts basilikum
1–2 ts salt
3 ts heil svart pepar

Skyl linsene godt og legg dei i kaldt vatn. Grønne linser er relativt lett koka, så ikkje kok dei altfor lenge. Slå av vatnet og dryss på ei klype med salt. Skrell, reins og del opp lauken, saman med små, fine terningar av persillerot og gulrøtar. Set til heil pepar, kraft, knusa kvitlauk og eddik, lat dette småputre i 10–12 minuttar. Legg linsene i grønsaksgryta, saman med purra og pylsene. Eit godt, ferskt brød smakar nydeleg til denne gryta.

Pylsegryte med ertar

½–¾ kg pylse
200 gr lettsalta flesk
½ kg turre, grønne ertar
4 lauk
½ sellerirot
1 persillerot
1 stor purre
1 laurbærblad
timian
1 stor bunt persille
1–2 ts salt
1–2 ts grovmalen pepar

Skyl og bløyt ertane. Skjer lettsalta flesk i små terningar og kok dei opp. Reins og skjer opp lauken i små båtar, set den til fleskegryta. Kok ertane i usalta vatn, skyl dei i kaldt vatn og bland dei saman med flesket. La dette småputre i o lag 15 minuttar, reins og del dei andre grønsakene og set dei til saman med krydderet. Lat dette putre og legg pylsebitane i gryta dei siste 10 minuttane av tilberinga. Skjer pylsebitane gjerne på skrå, då gir dei frå seg eit meir forseggjort inntrykk.

Pylsegryte med ertar:

Skjer pylsebitane gjerne på skrå, då gir dei frå seg eit meir *forseggjort inntrykk*.



Linsegryte med pylser



Pylsegryte med ertar

Pylsegryte med bønner og småflesk

250 gr småflesk
1 ss olje
300 gr tørre kvite bønner
safta frå 1 sitron
3 lauk
4 store gulrøtar
2 purre
1 kvast timian
1 stor bunt persille
1–2 ts salt
1–2 ts grovmalen pepar

Skyl bønene i kaldt vatn, lat dei ligge i vatn til om lag dobbel storleik. Kok dei så i omtrent ein time, utan å setje til salt. Set til ei teskei salt, pepar, finkutta lauk, gulrotstavar og ein krydderkvast av det grønne på purra, timian og eit par persillestilkar. Lat dette trekkje til det er møyrt. Brun fine terningar av småflesk. Tak ut krydderkvasten, smak til med eventuelt meir krydder og set til sitronsafta. Sitronsft gir bønene syra dei treng i denne retten. Dryss over godt med persille ved servering. Godt, ferskt brød passar godt til denne retten.

Sursøt pylsegryte


$\frac{1}{2}$ – $\frac{3}{4}$ kg med grov, smakfull pylse
2 ss eddik
3 ss soyasaus
4 ss olje
4 dl kraft
3 gulrøtar
2 raude paprika
2 purre
12 sjalottlauk
 $\frac{1}{2}$ slangeagurk/squash
300 gr sopp
1–2 ts honning
1–2 ts salt
1–2 ts grovmalen pepar
eventuelt mjøl til jamning

Skjer pylsene i fine, tjukke skiver. Legg dei i ei skål, slå i eddik, soyasaus, 2 spiseskeier olje og 1 desiliter kraft. Set dette på ein kjølig stad og lat det stå ei stund. Ta pylsene opp frå blandinga og tørk av bitane. Brun dei i ei panne, saman med resten av oljen. Dryss på salt og pepar og lat det småputre ei lita stund. Kutt opp lauk og grønsaker i små bitar og set det til gryta. Når ein lagar marinaden, smak eventuelt til med meir smak til pylsene. Her må ein vurdere honningmengde, ut balansen mellom surt og søt. Ein frisk, grønn salat og past passar perfekt til det ferdige resultatet!



Pylsegryte med bønner og småflesk:

Sitronsft gir bønene syra dei treng i denne retten.



Pylsegryte med bønner og småflesk



Spisskål- og pylsegryte

1 ½ kg pylse
2 ss smør
3 store lauk
1 spisskålhovud
½ kg gulrøtar
1 pakke frosne grønne ertar
4 dl kraft
1 stor bunt persille
1–2 ts muskat
1–2 ts salt
1–2 ts grovmalen pepar
1 stor bunt med frisk og fin
graslauk

Reins og skjer grønsakene i fine bitar. Lat lauk, spisskål, gulrøtar og pylsebitar småkoke i krafta i 10–12 minuttar. Set til grønne ertar, finklypt persille og graslauk, smak til med salt og finriven muskat. Nykoka, gode poteter er godt til denne retten!

Blomkål- og pylsegryte: Om du ynskjer, kan ein tilberede denne retten i ei form og gratinere den i ovnen.

Blomkål- og pylsegryte

200 gr småflesk
½ kg pylser, etter ynskje
2 lauk
2 nellikspikar
4 purre
1 blomkål
1 pakke frosne ertar
1–2 ts salt
1–2 ts grovmalen pepar
¼ liter fløyte
3–4 klyper salt
riven ost

Skjer småflesket i små terningar, legg det i ein bolle med salt i eit par timar. Kok opp vatn med flesk og nellikspikar, til det er møyrt, ikkje tørt. Kutt reinsa purre og blomkål i små bukettar, fjern nellikspikaren. Lat grønsakene, fløyte, småflesk og pylsebitar putre i gryta. Set til ertar og riven ost. Om du ynskjer, kan ein tilberede denne retten i ei form og gratinere den i ovnen. Om ein ynskjer å tilberede retten på denne måten, dryss meir av riven ost på toppen av forma.

Pylserisotto

300 gr medisterpylse/
anna pylse
100 gr småflesk
1–2 lauk
2 ss olje
1 ts karri
2 ss tomatpuré
eventuelt grønne ertar
eventuelt sopp
2 dl langkorna ris
½ dl kraft
1–2 ts salt
1–2 ts grovmalen pepar

Skrell og hakk lauken, skjer paprika i små, fine terningar. Varm oljen i ei god gryte, surr karrien slik at den gir frå seg noko av smaken. Brun så lauk og ris, her må det rørast godt for at det ikkje skal svi seg. Bland i tomatpuré og krydre med salt og pepar. Set til kraft og pylseterningar. Gryta skal småputre i om lag 20 minuttar, men ikkje kokast. Spe eventuelt gryta med meir kraft. Godt, ferskt brød er godt til denne retten!



Spisskål- og pylsegryte

Pylsegryte med surkål

1 ½ dl vatn
600 gr surkål
½–1 ss karve
6 wienerwurst eller grillpylser
2–3 epler, avhengig av storleik

Ha vatnet og surkål i ei gryte, saman med karve. Skrell og reins epla, skjær dei i fine båtar og legg dei oppå surkålen. Eit fint triks er å snitte pylsene eit par stadar, før ein legg dei oppå senga av epla og surkålet. Lat dette trekkje i om lag 20 minuttar på svak varme.



Pylsegryte med surkål:

Eit fint triks er å snitte pylsene eit par stadar, før ein legg dei oppå senga av eplene og surkålet.

Potetgryte med pylse

¾ kg grov pylse av lam
1 kg poteter
350 gr squash
3 ts paprikapulver
3 skiver loff utan skorpe
1 boks knusa tomater
3 små lauk
½ potte med frisk basilikum
3 dl fløyte
riven ost
1–2 ts salt
1–2 ts grovmalen pepar

Skrell og skjær potetene i tynne skiver. Vask og skjær squasher i tynne skiver, legg dei to saman i eit dørslag og strø på litt salt. Smuldre opp loffskivene, set til tomatene og dei grove pylsebitane, saman med lauk, salt, pepar, paprikapulver og basilikum. Bland dette lett saman. Legg pylseblandinga og potetblandinga lagvis i ei gryte. Før det seiste laget med poteter, slår ein over fløyte. Steik retten i om lag 1 time på 170 grader i ein varmluftsovn, 200 grader ved vanleg ovn.



Pylsegryte med surkål

Kålgryte med pylser

500 gr salta flesk
500 gr pylse
1 stort kålhovud
2–3 dl tørka, kvite bønner
4 poteter
3 gulrøtar
1 purre
3 små lauk
1 kvit nepe
½ kålrot
2 fedd kvitlauk
salt
pepar
eventuelt timian

Skyl og legg bønene i bløyt. Kok dei i usalta vatn. Skjer flesket i små terningar og kok det ei lita stund. Om du ynskjer, kan ein brune flesket for å få ein fin brunfarge på krafta. Reins og skjer grønsakene, lauken, kvitlauken og potetene i små bitar, bland dei saman med fleskegryta. Kutt kålen i bitar og bland den i gryta. Set til koka, kvite bønner og smak til med krydder.

Fransk pylsegryte

1 kg pylser
10 sjalottlauk
3 ss smør
½ bunt med stangselleri
6 tomater
300 gr sopp
2 ts salt
2 ts grovmalen pepar
5 dl raudvin
½ bunt med frisk basilikum
eventuelt karse
eventuelt grønne linser

Smelt smøret i panna, bland i reinsa og finkutta sjalottlauk. Set til soppskiver, tomater i bitar, stangselleri, salt, pepar og eventuelt karse. Slå over raudvin og lat dette trekkje. I denne retten smakar det svært godt med grønne linser, då dei er syrlege og passar godt til raudvin og pylser. Om du ynskjer å bruke linser, må du skyle og koke dei fyrst, for så å blande dei saman med dei andre grønsakene. Skjer pylsene opp i fine skiver og legg dei på toppen av gryta.



Fransk pylsegryte: I denne retten smakar det svært godt med grønne linser, då dei er *syrlege og passar godt til raudvin og pylser.*



Fransk pylsegryte



Pylser i form



Brokkoli og pylse i form:

*Ein god, heimelaga loff
og ei flaske iskald øl er
særdeles godt til denne
retten!*



Brokkoli og pylse i form

½ kg medisterpylse
200 gr karbonadedeig
2 egg
1 lauk
2 skiver loff
400 gr brokkoli
2 store tomater
2 ss kveitemjøl
5 dl mjølk
2 ½ dl kraft
4 ss fløyte
2 ss smør
1–2 ts salt
1–2 ts grov pepar
6 ss riven ost

Bland karbonadedeig, egg, finhakka lauk og loff i krafta. Smak til med pepar. Lat deigen kvile i ein halv time, før du rører inn fløyten. Kok opp vatn til brokkolien og trekk den i om lag 4 minuttar. Legg farse, brokkoli og pylsebitar lagvis, med brokkoli øverst til slutt. Legg skiver med flådde tomater på toppen. Lag den kvite sausen ved å smelte smør, røre inn mjøl og spe med litt mjølk i gangen. Sausen skal småkoke i nokre minuttar, rør til slutt inn den rivne osten. Hell sausen over forma og steik i 45 minuttar på 170 grader.


Pylse og makaroni i form

½ kg røykte kjøtpylser
2 dl makaroni
2 ss smør
2 ss kveitemjøl
5 dl mjølk
4 egg
1 ts salt
1 ts pepar
1 ts muskat
eventuelt litt bladpersille

Kok opp vatn til makaroni og kok som anvist på pakka. Avk makaronien i eit dørslag og skyl den med kaldt vatn. Lag ein kvit saus av smør, mjøl, mjølk, smak til med krydder. Sjå framgangsmåte i forrige oppskrift. Avkjøl, rør inn eggane eitt om gangen. Stivpisk kvitene og rør dei forsiktig inn i sausen. Bland inn makaroni og ei god mengde med nyklyp bladpersille eller løpestikke. Legg små pylseterningar, gjerne bruna, i panna fyrst, for å få ein ekstra god smak. Riv gjerne god ost, som til dømes cheddar på toppen av retten. Steik i 40 minuttar på 170 grader. Server den ferdig retten saman med ein sprø og frisk salat.



Pylse og makaroni i form



Brokkoli og pylse i form

Pylse og poteter i form

350 gr medisterpylse
½ kg poteter
eventuelt kvite bønner
½ sellerirot
2 dl kraft
150 gr cheddar/jarlsberg
1–2 ts salt
1–2 grovmalen pepar
1 ts riven muskat

Skrell og skjær potetene og selleri i tynne skiver. Medisterpylsa skjær ein også i tynne skiver, men på skrå. Legg lagvis med poteter, sellerirot og pylse i forma. Krydre med salt, pepar og muskat. Slå på kraft (buljong). Riv osten og dryss den over retten. Steik forma i 40–45 minuttar på 170 grader i varmluftsovn. Server gjerne med ein frisk tomatsalat.

Pylse og sprøsteikt flesk i form

200 gr småflesk
½ kg røykt kjøtpylse
½ kg poteter
1 raud paprika
eventuelt 1 pakke grønne, frosne ertar
5 dl mjølk
1–2 dl fløyte
1 ts grovmalen pepar
1 ts salt

Vask, skrell og del potetene i passe store bitar. Kok dei opp mjølk og fløyte, krydre med salt og pepar. Skjær opp paprika i terningar og bland saman med potetstuinga, eventuelt sama med grønne ertar. Skjær pylsa i bitar og bland den i gryta. Hell dette i ei form og strø sprøsteikt småflesk på toppen. Varm dette i ovnen ved 170 grader i 15 minuttar. Nydeleg godt!

Pylse og poteter i form:
Server gjerne med ein frisk tomatsalat.



Pylse og poteter i form



Pylse og sprøsteikt flesk i form

Pylsepanne i ovnen

4 store røykte kjøtpylser
2 lauk
1 ½ kg poteter
2 ss smør
2 egg
2 ss riven ost
4 dl mjølk
3 ss smør
2–3 ts paprikapulver
1 ts salt
1 ts pepar
½ ts muskat

Skrell, del og kok potetene. Slå av vatnet og damp dei godt. Mos dei grundig, set til smør og rør inn varm mjølk. Smak til med salt og pepar. Trekk pylsene i lett salta vatn. Reins og finhakk lauken, surr den blank og bland denne inn i potetstuingen. Legg halvparten av stuingen i ei godt, smurt form, fordel pylsene og legg resten av stuingen over. Rør egg og riven ost saman, pensle blandinga på toppen av forma. Set den i ovnen i 15 minuttar ved 170 grader. Ein enkel og syrleg råkostsalat smakar godt til denne retten.

Kål og pylse i form

10 wienerwurst
½ kg kål
2 lauk
1 grøn paprika
3 dl kraft
4 tomater
1 purre
½–1 dl eddik
1 ss sukker
1–2 ts karve
2 ss smør
1–2 ts salt
1–2 grovmalen pepar
finklypt persille

Skjer kål, lauk og paprika i tynne strimler. Surr dei blanke i litt smør, men ikkje brun dei. Set til krydder og kraft. Eventuelt kan ein få tomater og dele dei i usymmetriske bitar. Legg dei i gryta, lat det putre i 15 minuttar. Legg pylsene heile på toppen av gryta og lat dei bli varme. Bruk gode mengder med persille til, og server retten rett frå forma. Server gjerne saman med potetstappe eller makaronistuing.

Pylse og tomater i form

½ kg medisterpylse
5–6 tomater
1 raud lauk
1 kvast med rosmarin
½ potte med basilikum
2–3 jordskokk
1 kvitlauk
2 dl god olje, gjerne maisolje
grovt fingersalt
1 ts grovmalen pepar

Vask og del tomatene i skraver, legg dei lagvis saman med laukskiver i ei form. Reins og del opp jordskokken i passe store bitar, strø på grovt salt og pepar, rosmarin og basilikum. Skjer pylsene på skrå og legg bitane på toppen. Set forma i ovnen i 15 minuttar ved 170 grader. Server saman med rykande varm potetstappe og oljesteikte kvitlauksfedd. Himmelsk, sterkt og godt!

Pylsepanne

3 røykte kjøtpylser
1 blomkål
3 gulrøtar
1 dl kraft
1 pakke med friske sukkerertar
2–3 lauk
1 brokkoli
1–2 ts salt
1 ts grovmalen pepar
persille

Vask og reinse grønsakene. Del opp blomkålen i fine bukettar, skjer gulrøtene i stavar og lauken i batar. Legg grønsakene i ei djup og god panne, set til kraft og kok dette under lok til det nesten er møyrt. Del opp pylsene i fine stykker og bland dei i grønsakpanna, saman med delte sukkerertar. Server gjerne med jordskokk og selleripurre eller potetstappe.

Pylse og tomater i form:

Himmelsk, sterkt og godt!





Pylsepanne

Pylser med cheddarost

2-3 grillpylser per person
2 stavar med cheddarost
per pylse
1 baconskive til kvar pylse

Skjer eit djupt snitt i pylsene, legg ein cheddarstav i kvart snitt. Surr ei baconskive rundt kvar pylse, fest med ein tannpirkar. Legg dei i ei form og lat dei stå i omnen til baconet er brunt og osten har smelta. Server gjerne saman med potetstappe og småhakka raud lauk.


Pylse- og cheddarform

2-3 medisterpylser
2 stikkar stangselleri
½ purre, det kvite på purra
2 gulrøtar i skiver
2 dl mjølk
2 dl seterrjome
(lett kan også brukast)
3 dl riven cheddar
1 ts salt
1 ts grovmalen pepar

Rør saman rjome og mjølk. Finhakk stangselleri og purre. Set det til i mjølkeblandinga, smak til med salt og pepar. Dryss reven ost over, smør ei lita ildfast form og steik retten i 30 minuttar ved 170 grader i varmluftsovn.

Pylser med cheddarost:

... legg ein cheddarstav i kvart snitt. Surr ei baconskive rundt kvar pylse, fest med ein tannpirkar.



Pylse- og cheddarform



Pylser med cheddarost

Pylser på grønsakseng

½ kg pylse, kjøtpylse, laksepylse eller kyllingpylse
1 blomkål
1 squash
3 gulrøtar
1 raud paprika
1 purre
1 brokkoli
1 stor, raud lauk
200 gr sopp
1 persillerot
1–2 ts salt
1–2 ts grovmalen pepar
eventuelt kvite bønner

Vask og del grønsakene i fine bukettar. Forvell dei i fire minuttar. Legg grønsakene i ei form og strø på salt og pepar. Legg pylseskivene på grønsaksenga og set forma i ovnen i om lag 15 minuttar ved 170 grader. Dersom ein ynskjer å tilbereie dette som eit vegetarmåltid ved å bruke laksepylse, vil bruk av kvite bønner gi retten eit høgare innhald av protein.

Ost- og eggekake med pylse

250 gr mjøl
15 gr gjær
1 ¼ dl mjølk
½ ts salt
1 egg
25 gr smør
200 gr pylse
4 egg
2 ½ dl fløyte
1 ts salt
2 ss krydderurter, gjerne graslauk, persille og dill
250 gr jarlsberg
2 små lauk

Bland deigen som til ein gjærbakst, altså byrje med lunka mjølk, gjær, salt, smelta smør og egg, og til slutt set ein til mjøl. Kjevle ut deigen etter heving. Kle ei springform og la den kledde forma med deigen heve i 15 minuttar til. Skjer pylsene i små terningar, riv osten og legg dette oppå deigen. Surr småhakka lauk og set til. Visp saman eggeplommer, fløyte og litt salt. Dryss i finklypte krydderurter, stivpisk eggekvitene og set dette til eggeplommeblandinga. Hell røra i forma og steik kaka i 40 minuttar ved 170 grader.



Pylser på grønsakseng: Dersom ein ynskjer å tilbereie dette som eit vegetarmåltid ved å bruke laksepylse, vil bruk av kvite bønner gi retten eit høgare innhald av protein.



Ost- og eggekake med pylse

Pylse med smak av peparrot

$\frac{3}{4}$ kg kjøtpylse
1 kg mjølne poteter
3 lauk
4 ss smør
1 dl kraft
1 peparrot
1–2 ts salt
1–2 ts grovmalen pepar
2 dl riven ost

Skrell, del og kok potetene. Mos dei, rør inn smør, salt, pepar, riven peparrot og riven lauk. Rør inn krafta. Legg lagvis mos og pylsebitar i forma, avslutt med mos. Legg nokre laukringar og smørklattar på toppen. Set retten i ovnen i 20 minuttar ved 200 grader. Server gjerne saman med riven peparrot og ein frisk, grøn salat.

Pylse med fennikel, chili og vårlauk i appelsinjuice

1 fersk pylse med karve
1 fennikel
2 vårlauk
3 dl appelsinjuice
2 ss karve
 $\frac{1}{2}$ chili

Reins og skjær fennikelen i tynne skiver. Vask og skjær vårlauken i fine skrårskiver. Reins og skjær chili i små ringar. Legg grønsakene i appelsinjuice til trekking i eit par timar. Varm pylsa i kraft. Lag ei seng av grønsakene og ei pylse til slutt. Velsmakande, friskt og lett!

Pylser med smak av peparrot: Server gjerne saman med riven peparrot og ein frisk, grøn salat.



Pylse med smak av peparrot



Pylse med fennikel, chili og vårlauk i appelsinjuice

Pylse med avocadosalat

3–4 røykte bratwurst
3 mogle avocado
1 syrleg eple eller anna
tilsvarande
safta frå 1 sitron
1–2 ts salt
1 ts pepar
3 kvastar hakka koriander

Kutt terningar av avocado og eple, bland forsiktig og smak til med sitronsaft, olje og krydder. I denne retten får avocadoen ein funksjon som gjev frå seg ein kremaktig og saftig, frisk smak til dei røykte pylsene. I slike rettar treng ein ofte balanse mellom smak og oppleving av pylse og tilbehør. Retten smakar nydeleg saman med fløytekoka poteter til!



Pylse med avocadosalat: I denne retten får avocadoen ein funksjon som gir frå seg ein kremaktig og saftig, frisk smak til dei røykte pylsene

Pylse med sylta grønsaker

1 pylse til kvar
1 blomkål
1 raud lauk
2 gulrøtar
½ kålrot

Del alle grønsakene i stavar og fine serveringsbitar. Blansjer dei og hell over ein sursildlake. Skjer eit langt, djupt snitt i pylsa og fyll det med god sennep. Denne retten er eit godt eksempel på ein god balanse mellom feitt og syre. Samspelet mellom dei ulike grønsakene og den gode smakfulle pylsa gir ein unik smaksoppleving. Nyt det!

Bønegryte

1–4 medisterpylser
200 gr kvite bønner
2 sjalottlauk
1 fedd kvitlauk
20 gr grøne ertar
50 gr sukkerertar
100 gr aspargesbønner
50 gr smør
½ potte med graslauk
1–2 ts salt
1–2 ts pepar

Vatn ut bønene over natta, kok dei saman med sjalottlauk og kvitlauk til dei er møyre, men ikkje til dei får ein most konsistens. Ein skal ikkje bruke salt i kokevatnet. Skrell og del grønsakene, kok dei i salta vatn og avkjøl dei i kaldt vatn. Smelt smør i ein vid kjele og varm bønene, set til grønsakene og smak til. Dryss over retten med graslauk rett før servering. Denne bønegryta blir spesielt god om ein kokar bønene sama med sjalottlauk og kvitlauk, dei får ein heilt spesiell smak og fylde. Varm opp pylsene i kraft, lat dei trekkje i 20 minuttar.



Pylse med sylta grønnsaker

Pylse med julienne (finkutta) grønsaker

½ kg grov lammepylse
100 gr gulrot
50 gr sellerirot
50 gr purre,
kun det kvite av purra
50 gr grøn squash
5 dl kvitvin
2 dl appelsinjuice
50 gr usalta smør
1 kvast kjærvel

Kutt grønsakene i fine strimlar, på storleik med fyrstikker. Kok opp kvitvin og kok grønsakene i vinen. Hell av vinen og sett grønsakene til side. Kok ned «krafta» som er attende etter vin og grønsaker. Set til 2 desiliter appelsinjuice, rør inn kaldt usalta smør til det blir ein tjukk smørsaus. Server grønsakene i botnen av varme, djupe tallerkenar. Legg pylsa på grønsakene og hell sausen over. Pynt det ferdige resultatet med frisk kjærvel.

Pylse med byggryn og grønsaker

1 god kjøtpylse per person
2 hakka sjalottlauk
1 ss smør
100 gr utvatna byggryn
1 dl fløyte
1 kvast hakka graslauk
1 gulrot i terningar
½ sellerirot i terningar
safta frå 1 sitron
1 ts salt
1 ts grovmalen pepar
2–3 blad løpestikke

Skyl, vask og kok byggryna i vatn. Smelt smøret i panna og fres sjalottlauken. Set til veldig små grønsaksterningar, lat dei småsurre i laukblanda. Hell i fløyten og småkok det heile, set til byggrynga og rør godt. Smak til med krydder og løpestikke. Varm pylsa i ei god kraft, skjer eit grovt snitt med plass til god sennep. Legg grønsaks og byggrynsstuinga på ein tallerken. Serverast saman med godt, kaldt øl.

Pylse med byggryn og grønsaker: Serverast saman med *godt, kaldt øl.*



Pylse med julienne (finkutta) grønsaker



Pylse med byggryn og grønnsaker

Grov pylse med heimelaga italiensk salat

1–2 pylser per person

ITALIENSK SALAT:

½ blomkålhovud
3 gulrøtar
4–5 skiver sylteagurk
½–1 pakke majones,
lett eller vanleg etter ynskje
2 ts sennep
½–1 boks seterrjome (lett)
1 ss eddik
1–2 ts grovt fingersalt
1–2 ts grovmalen pepar

I denne retten brukar eg blomkål i staden for hovudkål, dette gjer salaten svært spesiell. Den blir nesten som ein «sprø» italiensk salat, spesielt når majones er ein av ingrediensane. Forholdet mitt til majones har ikkje vore som kjærleik ved fyrste blikk, så å finne ei vellukka oppskrift med majones er både lukke og sensasjon for meg!

Når ein har reinsa og dela opp blomkål og gulrøtar, kjøyr dei i foodprocessor til dei får konsistensen ein ynskjer. Bland inn dei andre ingrediensane, så Varm pylsa, skjær eit snitt langs heile pylsa og legg italiensk salat i snittet. Dette er ein rett som er både feit, frisk og smakfull til det meste!

Pylse med krull:

... morosam oppskrift og er kreative i barneselskap ...

Raudvinspylse

1 kg rå medisterpylse
3 lauk
3 gulrøtar
½ sellerirot
1 purre
1–2 laurbærblad
1 stor kvast rosmarin
2 nellikspikar
½ liter raudvin

Vask, reins og del grønsakene. Legg alle grønsakene i ei god panne. Legg på pylsa og hell over raudvin, om nødvendig fjern skummet. Smak til med salt. Dette blir ei svært god kraft, så om du har eit godt brød kan du dyppe dette i krafta, og få litt av ei smaksoppleving!

Pylse med krull

10 wienerpylser
50–100 gr smør
3–5 ss sukker

Smelt smør og sukker i ein vid kjele. Skjær eit snitt kvar sin veg i begge endar av wienerpylsa, om lag 3–4 centimeter inn på kvar pylseende. Legg dei så i smør og sukkerblandinga. Endene av pylsa vil då krølle seg i takt med varmen som oppstår i kjelen. Dette er ei morosam oppskrift og er kreative i barneselskap og barnas eigen pylseverden. Lag ei god og fyldig potetstappe til, og kos deg med denne artige retten



Pylse med krull



Grov pylse med heimelaga italiensk salat



Pylser i salat



Pylse- og pastasalat

200 gr makaroni
½ raud paprika
½ grøn paprika
½ gul paprika
1 bunt reddikar
2 raude lauk
½ slangeagurk
½ purre
4 koka kjøtpylser

DRESSING:

1 dl olje
1–2 ss eddik
safta frå 1 sitron
1 fedd kvitlauk
1 lauk
1 ts salt
1 ts grovmalen pepar

Kok makaronien i salta vatn og skyl den i kaldt vatn. Skrell og skjer alle grønsakene i små, delikate og innbjodande bitar. Ta skinnet av pylsene og skjer dei i små terningar. Bland alt saman med to gaflar. Rør godt saman dressinga og slå den over salaten. Lat den trekkje ei stund før servering. Eit smakfullt brød kjem til sin rett her!

Pylse- og baconsalat

150 gr småflesk
150 gr kjøtpylse
1 isbergsalat
200 gr Jarlsberg-ost
200 gr frosne grønne ertar
1 eple
1 raud paprika
1 liten raud lauk
1 sitron

SALATSAUS:

2 ss olje
1 ss sennep
50 gr majones
1 dl yoghurt naturell
4 ss finklypt persille
4 ss finklypt graslauk
1 ts salt
1 ts grovmalen pepar
eventuelt kjærvel

Kutt småflesket i små bitar og sprøsteik det i ei panne. Ta skinnet av pylsa, skjer dei i fine terningar og brun det i panna. Reins og skjer grønsakene i små bitar. Pass på å fjerne skalet og skavankane frå ein salat. Bland alt godt saman. Press safta av ein sitron og drypp denne over salaten. Bland saman salatsausen og server saman med salaten.



Pylse- og baconsalat:
Nydeleg, lett og godt!



Pylse- og pastasalat

Pylsesalat med yoghurtsaus

150 gr kjøtpylse
½ issalat (isberg)
4 ss yoghurt
1 ss eddik
2 ts sterk sennep
1 ts salt
1 ts grovmalen pepar
1 bunt frisk dill

Skyl salatblad og rist godt av vatnet. Fjern skinnen frå pylsa. Riv salaten med fingrane, på denne måten blir den luftig og sprø. Set til sprøsteikte pylsebitar. Bland saman sausen og hell den over retten. Nydeleg, lett og godt!

Fennikel- og pylsesalat

1 isbergsalat
1 fennikel
½ raud paprika
½ grøn paprika
3 stilkar stangselleri
1 bunt reddikar
200 gr Jarlsberg-ost
200 gr røykt kjøtpylse
gjærne litt grønne urter

DRESSING:

1 lauk
2 sylteagurkar
eventuelt kapers
1 ss tomatpuré
6 ss olje
3 ss raudvin

Vask og reins alle grønnsakene, lat dei renne av seg. Kutt dei opp i små bitar og bland alt saman. Bland saman dressingen og slå den over salaten. Lat den trekkje til seg dei gode smakane før servering.



Fennikel- og pylsesalat: *Eit smakfullt brød kjem til sin rette her!*



Fennikel og pylsesalat

Pylsesalat med eple

200 gr røykt pylse
2 ss tomatpuré
½ isbergsalat
2 epler
3 ss olje
1 sitron
1–2 ts paprikapulver
1 ts salt
1 ts grovmalen pepar

Skyl salaten og riv den i lange strimler, skrell eple og del det i bitar. Sprøsteik pylsebitar og dryss over. Bland saman dressingen og slå den over.

Pylsesalat med byggryn


2 dl byggryn
2 pylser
½ issalat
2 raudlauk
2 sylteagurkar
½ slangeagurk
1 stor purre
1 bunt reddikar
½ raud paprika

Skyl og kok byggryna, kok dei i om lag ein halv time. Skyl dei i kaldt vatn. Vask issalaten, skjer den i små bitar. Skrell og reins alle grønsakene og skjer dei opp i bitar. Bland alt godt saman. Lag ein enkel og god saus til ved å blande rjome, sitronsaft, grovmalen pepar og salt.



Pylsesalat med byggryn:

Lag ein enkel og god saus til ved å blande rjome, sitronsaft, grovmalen pepar og salt.



Pylsesalat med byggryn

Pylse, poteter og raudbetar

4 kjøtpylser
8 faste koka poteter
4 rå raudbetar
4 raude lauk
2 ss vineddik
4-6 ss olje
1 stor bunt persille
2 dl fløyte
2 dl rjome
1 ts salt
1-2 ts grovmalen pepar

Vask raudbetane fri for jord, kok dei med skalet på i ca 30 minuttar. Skyl dei godt under rennande vatn, då kan ein lett dra skinnen av med hendene. Når raudbetane er kalde, skjerast dei i terningar. Skrell potetene og del dei i små bitar, legg dei i eddikdressingen. Skjer lauken i små bitar. Visp opp fløyte og bland i rjomen. Hell sausen på botnen av eit fat. Legg poteter, raudbetar og pylsebitar i eit artig mønster, og nyt den gode smaken!


Pylse, normannaost og endiviesalat

2-3 kjøtpylser
1 endiviesalat
3 tomater
200 gr normannaost
1 dl surmjølk
1 ss majones
1-2 fedd kvitlauk

Vask salaten og tørke den i eit kjøkenhandklede. Riv salaten i ein bolle, skjer 150 gram av osten i firkantar, og legg båtar av tomater på osten. Kutt strimler av pylsebitar i fyrstikkstorleik (vel, kanskje noko større). Kjøyr resten av osten med mjølk, majones og kvitlauk i ein foodprocessor. Legg pylsestrimler på salaten, med dressing rundt. Nyt det!



Pylse, normannaost og endiviesalat: Legg pylsestrimler på salaten, med dressing rundt. *Nyt det!*



Pylse, normannaost og endiviesalat

Krydderpylse med varm pastasalat

8 mellomstore pylser
1 lite glas konjakk
2 ss olje
1 ss mjuke peparkorn

MAKARONISALAT:
200 gr makaroniskruar eller sommarfuglmakaroni
2 ss smør
1 raud, søt paprika
1 grøn paprika
½ pakke frosne ertar
¼ riven fennikel
1 bunt reddikar
1 bunt persille

Tilberei ein marinade av konjakk, olje og peparkorn. Legg pylsene i den. Kok makaronien, skyl den i kaldt vatn. Reins og del grønsakene i små bitar, og bland salaten saman i panna.

Raudkålsalat til pylse

½ raudkål
1–2 stk bitter salat
2 stilkar stangselleri
½ sellerirot
3 syrlege epler
1 sylteagurk
2 ss vineddik
1 ts salt
1 ts grovmalen pepar
3 ss olje
½ sitron
1 kvast persille
eventuelt rosiner

Rist saman ingrediensane til dressingen, lat den trekkje godt i seg sjølv. Hell den gjerne på ei lita flaske, slik at du kan riste i den regelmessig. Vask og finsnitt kål og salat. Reins stangselleri og snitt den fint, grovriv reinsa sellerirot og reinsa eple. Kutt sylteagurk i små bitar og bland saman med resten av ingrediensane. Server saman med grov, heimelaga svinepylse.

Pylser som i Alsace

6 pylser
1 røykt småflesk med svor
250 gr kokeflesk
1 kg poteter
500 gr surkål
1 lauk
1 nellikspikar
1 gulrot
4 einebær
1 bunt persille
2 laurbærblad
2 kvistar timian
1 purretopp
1 selleritopp
5 dl kraft/kvitvin

Legg det røykte småflesket med svor i botnen av ei gryte, legg surkålen over. Skrell lauken og fest nellikspikaren fast i lauken. Ha lauk, gulrot, knusa einebær og ein krydderkvast i gryta. Legg kokeflesket midt blant surkålen i gryta. Slå på kraft og kok opp. Lat denne gryta surre i om lag 1 time. Ha i pylsene og lat retten trekkje i ein tiem. Vask og skrell potetene, kok dei i lettsalta vatn. Ta pylsene og kjøtet opp av gryta. Skjer kokeflesket i skiver og legg dei på kjelen. Server saman med koka poteter, smaken er både annarleis og spennande!

Pylser som i Alsace:

... smaken er både
annarleis og spennande!





Pylser som i Alsace



Pylser i suppe



Sunn pylsesuppe

1 kvast persille
4 kjøtpylser
½ hovudkål
2 purre
3 ts karve
1 liter god kraft
½ dl tomatpuré
2 ts salt
2 ts grovmalen pepar

Kutt opp grønsakene og surr dei i smør. Ha på kraft, tomatpuré og krydder. Lat det småkoke til det er møyrt, legg i steikte kjøtpylsebitar og mengder med finklypt persille. Eit godt heimelaga brød er ypperleg til ein slik rett!

Potetsuppe med røykte pylser og innslag av tomat

3 røykte kjøtpylser
300 gr poteter
1 liter kraft
1 stor lauk
100 gr frosen spinat
1 purre
3-4 ss tomatpuré
2 ts basilikum
2 laurbærblad
1 bunt frisk dill
2 dl fløyte
2 ts salt
2 ts grovmalen pepar
1 ts muskat

Skrell og skjær potetene i terningar. Grovhakk lauken og skjær purra i ringar. Surr det blankt i smør i eit par minuttar. Set til tomatpuré, kraft, krydder og salt. Skjær pylsene i skrå skiver og set dei til suppa. Kjøyr spinat, tomater og dill i ein foodprocessor og kjøyr til grønsakene blir ein mos, set denne til gryta. Smak til med salt, pepar og muskat. God og varm suppe med eit godt heimebaka brød – det er godt det!



Potetsuppe med røykte pylser og innslag av tomat:

God og varm suppe med eit godt heimebaka brød
– det er godt det!



Sunn pylsesuppe

Heimelaga tomatsuppe med heimelaga kjøtpylse

1 kg mogne tomater
½ l kraft
½ ts sukker
1–2 ts salt
1–2 ts nykverna grovmalen
pepar
eventuelt eit par dråpar
sitronsaft
smørsteikte krutongar med
kvitlauk
smørsteikte pylsebitar
basilikumpesto
Nam!

Potetsuppe med pylse

8 wienerpylser
1 kg mjølne poteter
1 kvast frisk persille
1 l kraft
2 ss smør
5 dl heilmjølkk/ fløyte
1 lauk
1–2 ts salt
1 ts grovmalen pepar

Vask og skrell potetene, kok dei møyre og mos dei for hånd eller i foodprocessor. Spe med kraft, mjølk og eventuelt fløyte for å få den rette konsistensen. Varm suppa og smak til med salt og pepar. Sprøsteik lauken, dryss den i suppa. Surr pylsebitane i smør og set dei til. Suppa fristar meir når pylsebitane er steikt, steikte bitar får ein annan farge og ei anna overflate.


Heit pylsesuppe

3 karvepylser
1 liter kraft
3–4 fedd kvitlauk
2 raudlauk
3 ss smør
1 chili
2 ss sterkt paprikapulver
1 ss karve
1 ss basilikum
1 ts salt
2 ts grovmalen pepar


Skrell, reins og kjøyr lauk og kvitlauk i ein foodprocessor, surr dei blanke og mjuke i ein kjele. Set til chili i små bitar, alt krydderet og krafta. Lat dette småputre i ein halv time. Skjer karvepylsene i bitar og legg dei i suppa så dei får varme seg. Server gjerne saman med godt brød til dopping i suppa, godt kaldt øl og verda er grei!

Potetsuppe med pylse:

Suppa fristar meir når pylsebitane er steikt, steikte bitar får ein annan farge og ei anna overflate.



Heit pylsesuppe



Heimelaga tomatsuppe med heimelaga kjøtpylse

Jordskokk og sellerirot i godt samspel med knutekål

4 sterke pylser med farge
600 gr jordskokk
 $\frac{1}{2}$ sellerirot
 $\frac{1}{4}$ knutekål
 $\frac{1}{2}$ fennikel
2 fedd kvitlauk
mjølk
fløyte
1–2 ts salt
1 ts grovmalen pepar
graslauk

Reins og skrell jordskokk, sellerirot, knutekål og kvitlauk. Skjer dei i fleire stykke og kok dei møyre. Kjøyr dei i foodprocessor til dei er jamne. Ha mosen attende i kjelen, spe med mjølk og fløyte til suppa har fått ein passe tjukk konsistens. Lat den småputre i nokre minuttar, dryss i mengder med graslauk. Server suppa i store suppeskåler og legg pylsebitane i skåla saman med suppa.


Kvardagssuppe med makaroni og pylse

4–5 medisterpylser
2 boksar knusa tomater
1 l kraft
2 ss olje
2 gulrøtar
1 squash
100 gr kikertar
1 pakke frosne grønne ertar
100 gr sommarfuglmakaroni
150 gr småflesk
 $\frac{1}{2}$ potte med basilikum
1–2 ts salt
2 ts grovmalen pepar

Ha knusa tomater og kraft i ein kjele, kok opp og småkok. Skyl og kok kikertane i ein eigen kjele, skyl dei i kaldt vatn når dei er ferdigkoka. Skrell og skjær gulrøtene i bitar, set dei til tomatbasisen. Kok sommarfuglmakaronien og skyl den i kaldt vatn når den er ferdig. Sprøsteik småflesk og medisterpylse. Når alt er klart, bland saman alle ingrediensane. Klypp rikeleg med basilikum på toppen av retten. Server måltidet saman med grovt, heimebaka brød.

Kvardagssuppe med makaroni og pylse:

Server suppa i *store suppeskåler*



Kvardagssuppe med makaroni og pylse



Jordskokk og sellerirot i godt samspel med knutekål



Pylser i pizza



Barnevennleg pylsepizza

GRUNNDEIG:

250 gr kveitemjøl
25 gr gjær
1-2 dl vatn
½ ts salt
2 ss olje

FYLL:

3 røykte kjøtpylser
200 gr cheddarost
1 boks knusa tomater
1 ts salt
1-2 ts grovmalen pepar
1 liten boks ananas

Knasande sprø kveldspizza med pylsegodt

1 grunndeig,
som i oppskrifta ovanfor

FYLL:

3 kjøtpylser med forskjellige smakar
1 kvitlauk
1 lauk
1 boks knusa tomater
2 ts grovmalen pepar

Kraftig pylse- og spekeskinkepizza

DEIG:

3 dl vatn
1 ss olje
20 gr gjær
500 gr mjøl

FYLL:

4 sterke pylser (chorizo)
6 skiver god spekeskinke
2 heile mozzarellaostar
10 svarte oliven
4 tomater
3 sjalottlauk
1 pakke ruccolasalat
4 mogne tomater
1 potte med basilikum
3 ss olje
2 fedd kvitlauk
½ ts salt
1 ts grovmalen pepar
3 ss olje
½ citron
parmesanost

Bland lunka vatn, gjær, olje og mjøl. Lat dette stå til heving i ein time. Kjevle ein veldig tynn deig og legg på eit bakepapir dryssa med mjøl. Kjøyr tomater, basilikum, olje, kvitlauk, salt og pepar i ein foodprocessor og smør sausen utover pizzadeigen. Bland alle ingrediensane til salaten saman i ein bolle, sitronsafte pressar ein over. Legg salaten over pizzaen med spekeskinke og saftige pylsebitar.

Steikjetida på ein pizza er avhengig av tjukkaden på botnen, men 30 minuttar er alltid ei god tid å gå ut frå.

Pylse- og baconpizza

1 grunndeig
100 gr kjøtpylse
100 gr bacon
100 gr sopp
4-6 tomater
2 ss olje
ost
salt
pepar
oregano
persille

Pensle deigen med olje og legg over tomatiskiver. Dryss på ei klype med salt og ei klype grov pepar og oregano. Legg på frisk, nyskoren sopp, bacon og pylsebitar. Finklypt persille og riven ost gjer susen her!

Grønsakpizza med pylse

1 grunndeig
3 røykte kjøtpylser
1 squash
1 raud paprika
1 grøn paprika
4 tomater
1 boks mais
½ purre
1 kvast med koriander
4 ss tomatpuré
2 ss olje
1 ts grovmalen pepar
½ ts salt
1 ss basilikum
1 ss oregano

Lag deigen og lat den heve i ein halv time. Kjevle den tynt ut og legg botnen på ei smurd plate. Bland saman olje, tomatpuré og krydder. Reins og skjer opp grønnsakene og legg dei utover pizzabotnen. Dette blir pussig nok svært saftig, og sprøsteikte pylsestrimler er prikken over i'en.





Kraftig pylse- og spekeskinkepizza



Pylser med pasta



Fløytesaus med pylse, sopp og pasta

150 gr kjøtpylse
200 gr sopp
200 gr spaghetti
4 lauk
1 fedd kvitlauk
3 ss smør
2 ½ dl fløyte
100 gr parmesanost
½ ts muskat
safta frå 1 sitron
1–2 ts salt
1–2 ts grovmalen pepar

Smelt smøret i panna, dryss i småhakka lauk og kvitlauk. Fres dette til det blir blankt. Set til fløyte, riven ost, krydder og sopp. Småkok det såpass lenge at det ser ut som det er "innkoka". Skjer pylsa i små bitar og set den til. Kok spaghetti i lettsalta vatn saman med olje. Skyl spaghetti i kaldt vatn og ha den attende i kjelen. Fløytesaus er gode greier!

Grøn pasta med spinatsaus og pylse

200 gr røykt kjøtpylse
200 gr grøn bandspaghetti
1 dl kraft
1–2 fedd kvitlauk
1 pakke frosen spinat
2 ss smør
100 gr Jarlsberg-ost
1 ts salt
1–2 ts pepar

Hell kraft i ei gryte, legg spinaten i og lat dette småkoke i 5–6 minuttar. Set til smøret. Trekk kjelen av plata og rør inn riven ost, krydder og knust kvitlauk. Sprøsteik pylsebitar i panna og bland det saman med resten. Kok bandspaghettien etter oppskrift med litt salt og olje. Legg spaghetti i ei varm form, slå sausen over og riv gjerne litt ost på toppen.

Grøn pasta med spinatsaus og pylse:

... slå sausen over og riv gjerne litt *ost på toppen*.



Grøn pasta med spinatsaus og pylse



Fløytesaus med pylse, sopp og pasta

Ostegratinert pasta med pylse

300 gr spaghetti
3 ss smør
2 fedd kvitlauk
5 tomater
200 gr Jarlsberg-ost
3-4 pylser
1 ts salt
1-2 ts grov pepar
½ potte med basilikum

Kok spaghetti som anvist på pakka, gjerne litt mindre, då den skal i omnen seinare. Lat den renne godt av seg, ha den attende i kjelen. Ha i reinsa og kutta kvitlauk, lat det stå på svak varme. Legg spaghetti i ei ildfast form, lagvis med tomater, mellomstore pylsebitar og krydderurter. Dryss på med riven ost. Steikast i 10 minuttar ved 180 grader varmluft.

Tomatsaus, pylse og pasta

2 smakfulle pylser
1 stor lauk
2 fedd kvitlauk
1 boks knusa tomater
1 lite glas tomatpuré
150 gr Jarlsberg-ost
2 eggeplommer
50 gr smørjeost
½ potte med frisk basilikum
2 ts paprikapulver
2 ts oregano
1 ts salt
1 ts grovmalen pepar

Rensk og hakk lauken, knus kvitlauken og surr dette i pylsefeitt. Ha i tomatene og tomatpuréen, lat dette småkoke i om lag 10 minuttar. Kjøyr kremosten og krydderurter i ein foodprocessor og hell det i tomatsausen. Kok grøn pasta med litt olje til den er passa kokt, den må ikkje koke for mykje. Legg pastaen i ei varm form, ha tomatsausen i forma. Dryss over med riven Jarlsberg-ost. Slå i rå eggeplommer og rør rundt før servering. Ein syrleg og frisk tomatsalat er ypparleg til eit slikt måltid!



Tomatsaus, pylse og pasta: *Ein syrleg og frisk tomatsalat er ypparleg til eit slikt måltid!*



Ostegratinert pasta med pylse

Lag på lag i ei form

150 gr spekeskinke
250 gr pylse
1 dl riven parmesanost
300 gr bandspaghetti
2 brokkoli/spinat
1 stor lauk
50 gr smør
1 ts salt
1 ts grovmalen pepar
2 dl kraft
2 egg
1 dl fløyte

Bruk gjerne restar av tidlegare kokt spaghetti. Reins og kutt opp kvitlauk og lauk, fres den i ei panne. Set til salt, pepar, muskat og brokkolibukettar. Legg lagvis med spaghetti, saus, skinke og pylsebitar i ei form. Rør saman egg, fløyte og riven ost, saman med litt pepar. Slå dette over forma, dryss litt riven ost på toppen. Steik i 20 minuttar ved 170 grader. Tomatsalat passar godt til!



Makaronitimbal med pylser

150 gr kjøtpylse i strimlar
250 gr makaroni
1–2 dl fløyte/rjome
4 eggeplommer
2 ss smør
1 ts karri
150 gr mild, feit ost
1 ts salt
1 ts grovmalen pepar

Kok makaroni i salta vatn med olje. Skyl den i kaldt vatn. Skjer ost og pylse i små terningar og bland dette saman med makaronien. Ha dette i ei lita form. Visp saman egg, fløyte, salt, pepar og litt karri. Hell eggeblandinga over makaroniforma. Dryss litt riven ost på toppen. Steik i 25–30 minuttar ved 170 grader. Serverast saman med ein frisk salat.

Pylser i trengsel

PÅ KAKESKIVE/BRØDSKIVE
4 kjøtpylser
4 brødsiver
4 tjukke ostesiver
½ kg asparges
1 bunt vårlauk
4 ss grov sennep

PÅ MATPAKKA
2 brødsiver
1 kjøtpylse
4 skiver sprøsteikt flesk
1 raud paprika
2 ss god sennep
1 avocado
1 stangselleri

PÅ BÅLET
spikkepinnar
pylse
sennep

PÅ TERMOS
4 wienerpylser
1 termos
kokande varmt vatn

I LOMMA
Ta ei brødsive, ei ostesive, smale pylseskiver, lange paprikastrimler og ei brødsive til. Legg dette mot kvarandre og pakk det inn i matpapir. Putt herligheita i lomma til du blir svolten, og nyt ei passe temperert brødsive med god smak!

Pylser i trengsel: Putt herligheita i lomma til du blir svolten, og nyt ei passe temperert **brødsive med god smak!**



Makaronitimbal med pylser



**Andre
pylserettar**



Pylsering

½ kg røykt, medisterpylse
20 gr gjær
1 egg
ca 3 dl kveitemjøl
25 gr smør
1 dl vatn
1–2 ts sennepspulver
½ ts salt
1 ts oregano/persille

Rør ut gjæren i lunka vatn, rør inn 1 desiliter av kveitemjølet, lat den stå til heving på ein varm stad i ein halv time. Medan deigen hevar, rører du egg, krydder og smør saman, og blandar dette inn i deigen etter heving. Elt deigen godt saman og kjevle den ut til ein leiv. Skjer ut ein sirkel i midten, legg pylsa på leiven, strø på sennepspulver og pakk inn pylsa. Ein kan pensle med kaffe og strø på sesamfrø, grovt salt, eller dekorere den etter ynskje. Steikast i ovnen ved 170 grader i varmluftsovn i 15 minuttar.


Pannekake i lita langpanne med pylse

250 gr pylse
4 egg
8 dl mjølk
4 ss smør
2 ½ dl kveitemjøl
1–2 ts salt
1–2 ts grovmalen pepar

Visp egga godt saman, hell i mjølk, dryss i mjøl og visp til ei glatt og klumpefri røre. Fjern skinnet frå pylsene og skjer dei i små terningar som steikast gyllent brune i ei steikepanne. Legg pylsebitane i ei lita langpanne og slå røra over. Steikast ved 170 grader på varmluft i 30–35 minuttar. Serverast gjerne saman med nyrørte tyttebær, saman med ein frisk salat og ei skei med rjome.

Pannekake i lita langpanne med pylse:

Serverast gjerne saman med nyrørte tyttebær, saman med ein frisk salat og ei skei med rjome.



Pannekake i lita langpanne med pylse



Pylsering

Pylseomelett i panna

OMELETT:

6 egg
3 dl mjølk
8 ss kveitemjøl
1 ts salt
eventuelt pepar

FYLL:

1/2 kg pylse
2 lauk
1 pose frosne, grønne ertar
3-4 asparges
1 håndfull sopp
3 ss fløyte
1 eggeplomme
4 dl kraft
1 ss kveitemjøl
4 ss smør
1 ts salt
1 ts pepar
1/2 ts muskat

Reins og kutt lauken i små bitar, fres den i panna til den blir blank. Kutt pylsebitar og lat dei trekkje med lauken. Strø på kveitemjøl og spe med kraft. Smak til med salt, pepar og muskat. Set til ertar, lett forvella aspargesbitar og sopp. Lat alt bli varmt. Ta panna av plata og set til samanvispa egg og fløyte, det skal ikkje koke etter ein har sett til eggeplomma.

Visp egga godt i ein bolle, set til mjølk, mjøl, salt og pepar og visp til røra er glatt og fri for klumpar. Smelt smør i panna og lag fire omelettar, steik på begge sider. Legg fyll på omeletten og brett omeletten i to, ikkje spar på persillen.

Innbaka pylse

4-6 koka pylser
1 pakke ferdig butterdeig

FYLL:


2 ss smør
1 liten lauk
250 gr sopp
1 liten raud paprika
1 stor bunt persille
100 gr spekeskinke
1-2 ts grovmalen pepar

Smelt smør, skrell og finhakk lauken. Kutt opp sopp, paprika og sopp i små bitar og fres det saman med lauken. Dryss i pepar, skjer spekeskinka i smale strimler og fres den sprø. Kjevle ut butterdeigen til passe tynne stykke, fordel fyllet og strø pylsene over. Rull deigen med fyll rundt slik at pylsene blir omslutta av deig og innhald. Pass på at kantane på butterdeigplata er fri for fyll, slik at du kan legge deigen om kvarandre. Pensle med egg slik at dei får eit blankt utsjånad. Steikast ved 170 grader i varmluftsovn i 20-25 minuttar.

Pylseomelett i panna:

Ikke spar på persillen!





Pylseomelett i panna

Julemattallerken med pylse

1 medisterpylse
250 gr sosisser
langsteikt ribbe
mandelpoteter
raudkål med gløgg
riskrem med børsaus

Pylseomelett med overrasking

4 grillpylser
8 sosisser
6 store solegg
150 gr koka poteter
1 lauk
1 liten boks ananas
1 eple
50 gr riven ost
½ dl fløyte
1 ts cayennepepar
1 ts timian
1 ts oregano
½ ts salt
1 ts grovmalen pepar
smør til forma

Visp egga godt saman, riv potetene på ei grov rasp og bland saman. Reins og skjer lauken i små bitar, det same gjer ein med eple og ananas. Bland i krydder og småskorne pylsebitar. Smør ei ildfast form og hell røra i forma. Steikast i 25 minuttar ved 170 grader.

"Nevamat" av ulike pylser

2 bratwurst
2 røykte bratwurst
2 karvepylser
2 chorizo
2 pylser med oliven
2 pylser med rosmarin og chili
2 pylser med fennikel og graslauk
2 pylser av lam
1 bunt med frisk asparges
1 Jarlsberg-ost
2 avocado
6 paprika: to raude, to grønne, to gule
1 bunt stangselleri
1 bunt reddikar
sylta grønne tomater
sursylta fennikel
mangosennep
1 ananas

Kutt alle pylsene i små bitar. Surr dei blanke og gylne i panna, og legg blandinga på eit stort og romsleg fat. Reins og kutt alle grønsakene i delikate bitar. Forvell aspargesen i 20 sekundar, på den måten blir den sprø og smakfull. Dette er den ultimate oppskrifta på ei unik matoppleving, nyt det!



"Nevamat" av ulike pylser: Dette er den ultimate oppskrifta på ei **unik matoppleving**, nyt det!



Julemattallerken med pylse

Smakfulle heimelaga pylser med kålstuing

1 kg gode, heimelaga pylser
½ kg smakfulle, mjølne poteter
½ kálhovud (spisskål)
3 ss smør
2 ss mjøl
2–4 dl mjølk
1 ts salt
1 ts pepar
1 ts muskatnøtt

Bruk ein stor kjele til pylsene, gjerne med kraft. Vask og reinse potetene, kok dei passe møyre. Lag kålstuing ved å kutte vekk stilkar og brune blad, skjere kålen i terningar og koke den opp. Fjern kjelen frå plata. Lag ein kvit saus ved å smelte smør og drysse over mjøl, røre godt og spe med mjølk til får ein passe tjukk konsistens. Krydre etter smak. Server saman med nykoka poteter og smakfulle pylser. Dette er godt!

Pylser med friske linser

½ kg pylser
1 pakke grøne, små linser
3 dl raudvin
1 ts salt
1 ts grovmalen pepar

MAKARONISTUING:
100 gr makaroni
2 dl fløytemjøl, kan bruke heilmjøl
2 ss smør

GULROT TREKT I APPELSINJUICE:
3 gulrøtar
4 dl appelsinjuice
1 ts salt
1–2 ts grovmalen pepar
2 ss smør

Vask og skyl linsene, trekk dei i raudvin. Smak til med salt og pepar. Ved å trekkje linsene i raudvin, får dei ein frisk og syrleg smak. Lag makaronistuing ved å koke opp makaroni, skyl den i kaldt vatn og setje til fløyte og smør, salt og pepar. Kok opp appelsinjuicen, reduser væska til halv mengde. Skrell og del gulrøtene i 8 delar. Trekk gulrotstavane i det som er att av juicen, set til smøret og server. Her vil ein oppleve ein rik smaksbalanse!



Pylser med med friske linser: Ved å trekkje linsene i raudvin, får dei *ein frisk og syrleg smak*.



Pylser med friske linser

Frityrsteikte innbaka pylser

RØRE TIL FRITERING:

2 egg
1 dl lyst øl
1 ts sukker
1 ts salt
100 gr kveitemjøl
bratwurst i bitar
maisolje til steiking

Visp saman eggeplommer, øl, kveitemjøl, salt og sukker. Visp kvitene stive og rør dei forsiktig inn i røra. Hell godt med maisolje i ei gryte og varme denne opp. Dersom det brusar rundt ein trepinne når du stikk den ned i oljen, er varmen passande. Del den skinnfrie pylsa i halvstore bitar og rull dei i røra, her må ein sjå til at det er røre over heile biten. Etter ein har steikt bitane, er det lurt å legge dei på eit handkle. På denne måten trekkjer noko av feittet seg ut, men smaken er like god. Tilberei ein sterk og varm tomatsaus, ein grøn salat eller linsestuing og server saman med pylsene.

Gratinerte pylser

½ kg kjøtpylse
2 egg

URTEBLANDING:

4 ss persille
2 ss basilikum
100 gr brødsmular

ISBERGSALAT:

½ isbergsalat
½ beger med crème fraîche
½ sitron
1 ts salt
1 ts grovmalen pepar
maisolje til frityrsteiking

Visp saman egga, rull store pylsebitar i eggeblandinga. Kjøyr urter og brødsmular i foodprocessor og sikt dette. Rull pylsebitane i dette og steik i maisolje. Lag isbergsalaten, skyl salaten, kutt den i små delar, bland saman krem, sitron, salt og pepar. Dette er både friskt og godt!

Grilla pylse med marinert kål

4 bratwurst
½ sommarkål
1 ts salt
½ ss karve

MARINADE:

1 ss raud vineddik
½ ss sennep
1 ts grovmalen pepar
½ ts sukker
1 ss olje
1 ss vatn

Skjer fine snitt i sommarkålen og forvell den i lettsalta vatn. Dryss i karven og lat den trekkje saman med sommarkålen. Skyl kålen i kaldt vatn, legg den i ei skål og slå over marinaden. Grill pylsene i panne eller grill. Server gjerne saman med ein heimelaga rjomedressing. Pass på at dressingen ikkje blir for sur, då har kålen lett for å få ein noko intens smak!



Grilla pylse med marinert kål:

Pass på at dressingen ikkje blir for sur, då har kålen lett for å få ein noko **intens smak!**



Grilla pylse med marinert kål

Irsk pylsegryte

½ kg grov lammepylse
¾ kg poteter
1 boks knusa tomater
20 sjalottlauk
1 fedd kvitlauk
3 gulrøtar
100 gr kvite bønner
1 laurbærblad
2 ss tomatpuré
1–2 ts grovmalen pepar
2 ts salt
1 ts timian
1 ts karve

Skrell og del potetene i mellomstore bitar, kok dei i ei gryte med vatn som dekkjer alle potetbitane i 10 minuttar. Set til tomater, sjalottlauk, kvitlauk, gulrøtar, laurbærblad og krydder. Bløyt og kok bønene for seg sjølve i usalta vatn. Set dei til mot slutten av tilberinga av gryta. Legg i pylsebitar og lat dei bli gjennomvarme. Godt, ferskt brød er godt til slik mat!



Irsk pylsegryte: Ferskt brød er *godt til slik mat!*

Italiensk pylsegryte

½ kg røykt kjøtpylse
1 lauk
1 boks knusa tomater
½ squash
2 fedd kvitlauk
1 ts rosmarin
¼ chili
1 ts salt
1 ts grovmalen pepar
1 paprika
1 dl riven ost

Reins og kutt opp lauken. Kutt opp dei andre grønsakene, bland alt i ei form, legg pylsene på toppen av forma. Dryss til slutt med finriven ost, cheddar eller jarlsberg. Skal stå i ovnen i 15 minuttar ved 170 grader.

Jubalon på Toten med pylser

3 laksepylser
1 lauk
3 ss smør
200 gr reker
2 ½ dl langkorna naturris
1 boks knusa tomater
½ liter kraft
1 fedd kvitlauk
1 ts worchestersaus
1 ts salt
1 ts grovmalen pepar
ein stor kvast dill

Skrell og skjær lauken i små bitar, surr den blank i smøret. Ha i kokt ris, tomater og krydderblanding. Skjær pylsene i fine bitar og bland dei saman med det andre. Set til rekene dei siste fem minuttane, klipp dillen i gryta og server!



Jubalon på Toten med pylser

Laukpylse med grønne saker

½ kg laukpylser
4 tomater
2 lauk
2 fedd kvitlauk
1 squash
1 grøn paprika
1 raud paprika
1 brokkoli
1 ts rosmarin
1 ts grovmalen pepar
½ ts salt

Flå tomatene på denne måten: Skjer eit kryss i toppen og dypp dei i kokande vatn. Flå dei og skjer tomatene i båtar. Skrell og kutt lauken i bitar. Reinse paprika, squash og brokkoli, finhakk kvitlauken. Fres lauk og kvitlauk i olje. Set til resten av grønsakene og rør forsiktig, lat dette småputre i 10 minuttar. Skjer laukpylsa opp i fine stykke og legg dei på toppen. Om ein ynskjer eit sterkare preg på retten, kan ein etterkrydre med ulike krydder. Godt, heimebaka brød er godt til denne retten.

Laukpylse med grønne saker: Om ein ynskjer eit sterkare preg på retten, kan ein *etterkrydre med ulike krydder.*



Saftig pylse med heilsteikt lauk

1 heil, rund servelatpylse
¾ kg poteter
10 lauk
4 tomater
1 ss sennep
1 ts grovt fingersalt
1 ts grovmalen pepar
1 stor kvast bladpersille

Reinse og skrell lauken, lat den vere heil, kok den i lettsalta vatn til den er "nesten" kokt. Legg lauken på rist slik at den får renne frå seg. Skjer pylsa i skråskiver på om lag 3 centimeter. Skjer tomatene i skiver, legg aliminiumsfolie dobbelt i firkantar, ca 20 ganger 20 centimeter. Legg lauken på pylsa, tomatene rundt, krydre og brett opp foliekantane slik at det blir ei form. Legg formene i kjelen potene kokar. Hugs å setje på potetene til koking på forhand, slik at dei er kome langt når du legg i foliepakkene. Ei saftig og god oppskrift!

Karripylser

4 kjøtpylser eller 8 grillpylser
3 lauk
1 syrleg eple
1–2 ss smør
2 ts karri
1 ss kveitemjøl
2 dl kraft
1 dl mjølk

Reins og del lauken, kutt opp eple, bland dette saman og fres det i panna. Strø på mjøl og krydder, hell på kraft og mjølk og lat dette trekkje i 20 minuttar. Skjer pylsene i bitar og lat dei varme seg på toppen av gryta. Server saman med langkorna naturris. Godt!



Saftig pylse med heilsteikt lauk

Pylse i paprikasaus

4 grove medisterpylser
1 stor lauk
1 fedd kvitlauk
2 ss smør
1 ½ dl kvitvin
1 ½ dl kraft
4 tomater
2 raude paprika
1 ts salt
1 ts grovmalen pepar
1 ts koriander
2 dropar tabascosaus

Reins og skrell lauken, hakk kvitlauk i små bitar og fres dette i panna. Hell i kvitvin og kraft, lat dette småputre i eit par minuttar. Set til flådde tomater og paprika i store bitar. Dryss i salt, pepar, koriander og hell i dråpar med tabascosaus. Denne kan gjerne reduserast ved å dampe vekk noko av væska. Vil ein kreme sausen, kan ein tilsetje fløyte. Kutt pylsene i bitar og legg dei i paprikasausen. Lat det trekkje til pylsene er gjennomvarme, server gjerne saman med naturris.

Parmapylse:

... bland det saman med to redskap, slik at du "løfter" alt på **ein luftig måte**.



Pylse med blomkål og eggesmør


1 blomkål
½ middagspylse
olje
2 ss smør
3 hardkoka egg
1 bunt dill

Kok blomkålen i lettsalta vatn. Legg den med stilken opp dei fyrste fem minuttane, så skal den vendast. Kok til den er passe fast. Skjer pylsene i passe skiver, legg dei på ei langpanne og pensle dei med olje. Stek dei høgt i ovnen, snu dei ein gong. Om ein ynskjer, kan ein gjerne bruke grill. Smelt smøret og bland inn hardkoka finhakka egg, dill og grovmalen pepar. Legg blomkålen på eit fat og slå over eggemsøret. Legg pylseskivene inntil, og server med gode mandelpoteter.

Parmapylse

½ kg grøn bandspaghetti
8 wienerpylser
1 bunt dill
1 bunt persille
4 ss fløyte
4 ss parmesanost
litt riven muskat
1 ts salt
1 ts grovmalen pepar

Kok bandspaghettien som anvist på pakka. Lat den renne godt av seg, og hell den attende i kjelen. Bland i dei oppklypte urtene, hell i fløyte og ost, bland det saman med to redskap, slik at du «løfter» alt på ein luftig måte. Set til pylsene. Server gjerne saman med meir riven ost og godt brød.



Pylse med blomkål og eggesmør

Pylse i panne med lauk, raudbetar og agurk

½ kg kjøtpylse
3 dl hakka raudbetar/ sylta raudbetar
½ dl hakka sylteagurk
1 dl hakka valnøter
1 lauk
2 ss smør

Skrell og hakk lauken, fjern skinnet frå pylsene og skjær dei i terningar. Smelt smør og fres lauken og pylsene, strø på hakka raudbetar, sylteagurk og valnøtter. Ei god potetstappe er godt til denne retten!

Sommarpanne:

Serverast saman med årets
fyrste norske poteter!



Sommarpanne

2 gode pylser per person
½ blomkål
1 brokkoli
2 gulrøtar
6 sukkerertar
½ sellerirot
3 vårlauk
2 ss smør
persille
basilikum
timian
rosmarin
1 ts salt
1 ts grovmalen pepar

Reins og del blomkålen i bukettar, vårlauken i lange bitar, gulrøtene i stavar og sellerirot i «vanlege» bitar. Hell vatn i ei djup panne, småkok grønsakene og sukkerertane. Legg på pylsene når grønsakene nærmar seg ferdige. Set til smør når vatnet er fordampa, strø på grovt fingersalt og pepar, saman med krydderurtene. Serverast saman med årets fyrste norske poteter!

Pylse med øl

¾ kg rå medisterpylse
½ flaske øl (pils)
2–3 laurberblad
2–3 timiankvistar
2–3 salvieblad
2 gulrøtar
1 purre
1 ts salt

Kok opp ølet og skum det godt. Dryss i krydderurter og reinsa oppskorne grønsaker. Lat pylsa trekkje på svak varme i 30 minuttar. Lag ein saus av kraft og litt mjøl, lat den koke i nokre minuttar. Server gjerne saman med ei nydeleg god potetstappe!



Pylse i panne med lauk, raudbetar og agurk

Pylse med sennepsavocado

3–4 koka eller steikte pylser
4 avocado
2 skiver småflesk
2 poteter
2 blomkålbukettar
1 eple
1 pakke frosne, grønne ertar
1 dl seterrjome (lett)
2 ss sennep
frisk persille

Del opp blomkål, eple og avocadokjøtt i veldig små terningar. Bland alt i ein bolle, saman med lag av rjome og sennep. Legg fyllet tilbake i avocadoskallet, sprøsteik småflesk og poteter og server ved sida av. Denne retten er i sitt element saman med godt, kaldt øl!

Sterk Brummundøl

4 sterke chilipylser
150 gr raude bønner
150 gr maiskorn
1 grøn paprika
5 ss chilisaus
1 ts grovmalen pepar
sprøsteikte potetskiver i olje

Pylse i fløytesaus


6–8 pylser
250 gr sopp
4 ss smør
3–4 dl fløyte
1 ts salt
1 ts grovmalen pepar

Fres soppen i smør. Skjer pylsene i 3 centimeter store bitar og brun dei saman med soppen. Brun dei godt. Hell over fløyten og lat alt småputre til fløyten har koka ned og resultatet er ein fyldig saus. Om ein ynskjer, kan det krydrast med både fleire og sterkare smakar. God ris og ein frisk grøn salat er lett og smakar godt saman med pylsene.



Pylse i fløytesaus:

Denne retten er i sitt element saman med *godt, kaldt øl!*



Sterk Brummundøl

Surpylse

kjøtrestar frå anna kjøtarbeid
1 hovud frå storfe
1 kg byggryn
¾–1 kg talg
6 ts pepar
6 ts malt ingefær

Kok hovudet i vatn til kjøtet slepp frå beinet. Reins hovudet for kjøt, kvern kjøtet ein gong, saman med andre kjøtrestar. Vask og skyl byggryna, kok dei møyre i krafta frå hovudet i ca 40 minuttar. Set til talgen dei siste 10 minuttane. Elt saman det malte kjøtet og krydderet, bland inn gryngrauten. Fog pylsene i tarm. Heng pylsene i eit lunt rom i 3–4 dagar slik at syrninga byrjar, heng dei så kaldt. Server steikt frå panna, saman med kålrotstuing og poteter. Ei gammal oppskrift, men framleis populær!

Surpylse: Ei gammal oppskrift, men framleis populær!



Pylsespyd

1 pakke gode pylser
300 gr kveitemjøl
25 gr gjær
4 ss olje
1–2 dl lunka vatn

Rør ut gjæren i lunka vatn og bland inn resten av ingrediensane. Lat deigen heve i om lag 30 minuttar. Del pylsene i tre delar og snitt eit kryss i kvar ende. Tre dei på spiddet med litt mellomrom. Surr deig mellom pylsebitane, steik dei på grillen til pylsene er varme og brødet er gjennomsteikt. Server saman med småhakka raud lauk og god sennep.

Pylser i slåbrok

8 wienerpylser
8 skiver småflesk
2 raude paprika
6 asparges, kvite eller grønne
2 ss smør
1 ts salt
1 ts grovmalen pepar

Rull småflesk rundt pylsene og legg dei med "skjøyten" ned i ei form. Del og reinse paprikaen, forvell dei i lettsalta vatn i 3–5 minuttar. Set dei ved sida av pylsene



Pylser i slåbrok

Pylsesnadder med eple og karri

300–400 gr bratwurst,
laukpylse
2 eple
1–3 ts karri
3 ss smør

Skrell, reins og skjær epla i bitar. Steik eplebitane forsiktig i smør og karri. Bland i pylsebitane og steik dei, dryss på meir karri. Server saman med ei god stappe av rotgrønsaker og nyt måltidet kokande varmt!

Chilipylsegryte

600 gr chilipylse
2 ss olje/smør
2 sjalottlauk
2 fedd kvitlauk
1 raud chili
1 boks knusa tomater
1 ss tomatpuré
1 dl eplemost
1 laurbærblad
1 kvast frisk timian
1 ts salt
1 ts grovmalen pepar

Reins og hakk lauk, kvitlauk, chili og steik dette raskt på sterk varme. Ha i tomater, tomatpuré, eplemost og krydder. Kok opp og rør av og til, kok til sausen byrjar å tjukne. Legg pylsene på til dei blir gjennomvarme, pynt med friske blad av basilikum.



Pylsesnadder med eple og karri:

Server saman med ei god stappe av rotgrønsaker og **nyt måltidet** kokande varmt!

SAUSAR

Valnøttsaus

50 gr smør
100 gr grovhakka valnøtter
1 dl fløyte
½ ts salt
½ ts grovmalen pepar
1 kvast frisk persille

Smelt smøret, ha i grovhakka valnøtter, lat dette småputre til dei er gylne. Klypp persille og set til fløyte, salt og pepar. Denne er svært god til pylserettar. Den kan gjerne skjerpast ved å dryppe i litt eddik.

Tomatsaus

1 lauk
1 fedd kvitlauk
50 gr smør
1 ss olje
½ kg mogne tomater
1 kvast basilikum
1 kvast finklypt persille
1 ts salt
1 ts grovmalen pepar

Rens, skrell og finhakk lauk og kvitlauk. Surr dette blankt i smør og olje. Vask tomatene og kjøyr dei i ein foodprocessor, ha i lauken. Lat dette småputre i 20-30 minuttar. Set til krydder og smak til med salt.



Basilikumsaus

1 potte med frisk basilikum
2-3 fedd kvitlauk
60 gr riven ost, Holtefjell eller parmesanost
50 gr pinjekjerner/
valnøttkjerner
1 dl olje
1 ts salt

Skyl og reins basilikumen, turk blada ved å legge dei på eit klede. Ha dei i ein foodprocessor, saman med kvitlauk, nøter og spe med olje. Dryss i ost og og salt. Ein kan regulere konsistensen på sausen med olje, litt i gangen.

Kvitlaukssaus

5 fedd kvitlauk
2 ss olje
1 kvast persille
1 kvast basilikum

Skrell og finhakk kvitlauk, surr den i olje. Ta panna av plata og set til dei urtene ein ynskjer å bruke.

Spinatsaus

50 gr smør
200 gr spinat
½ dl fløyte
200 gr riven ost
2 ss riven ost med smak
½ ts muskat
½ ts salt
½ ts grovmalen pepar

Lat spinaten ligge i eit dørslag og renne av seg. Ha smør i ei panne, dryss i salt og lat det surre i 5-10 minuttar. Set til dei andre ingrediensane og lat det småputre over svak varme i eit par minuttar.

Pestosaus

1-2 fedd kvitlauk
½ potte med frisk basilikum
2 friske kvastar med frisk persille
½ ts salt
½ ts muskat
5 ss olje

Vask og tørk dei grønne urtene, ha dei i ein foodprocessor. Reinse kvitlauk og kjøyr ingrediensane til alt er godt blanda. Reguler konsistensen av pestoen ved å bruke olje.

Squashsaus

1 squash
50 gr smør
1 ts grovmalen pepar
safta frå 1 sitron
1-2 ts salt

Vask og skjer squashen i passe skiver, ha den i godt smør i ei panne, forvell den og kjøyr den i foodprocessor. Set til salt og sitronsaft.

Karvesaus

2 eggeplommer
1 ss eddik
2 ss sennep
1 sitron
2-3 dl olje
1 ss karve
1 ts salt

Ha eggeplommer i ein foodprocessor, rør inn eddik, sennep og salt. Rør inn oljen i ein tynn stråle. Rør godt slik at alt blir luftig og lett. Knus karven i eit mortar og rør den inn i sausen. Smak til med sitronsaft og litt heil karve.

Paprikasaus

4 ss majones
1–2 dl yoghurt naturell
1 lite glas tomatpuré
½ raud paprika
½ grøn paprika
safta frå ei halv sitron
1 dl fløyte
1 ts salt
1 ts cayennepepar
1–2 ts paprikapulver

Ha majones, yoghurt og tomatpuré i ein foodprocessor, bland dette godt, smak til med cayennepepar. Reinsk og set til paprika, saman med sitronsaft og fløyte. Denne sausen er spesielt god til grove pylser av svin.

Peparsaus

1 dl cottage cheese
4 ss seterrjome (lett)
2 ts sitronsaft
2 ss grønne peparkorn
½ ts salt
litt akevitt

Bland alle ingrediensane i ein foodprocessor og kjøyr til alt er blanda godt saman.

Eplesaus med karri

1 eple
2 ss fløyte
100 gr majones
½ sitron
½ mango
2 ss eddik
1 ts salt
1 ts sukker
½ ts ingefær
2 ss karri

Skrell og vask eplet, fjern kjernehuset, reins og del mangoen og bland saman. Ha alt i ein foodprocessor og kjøyr til ein meiner konsistensen er passe tjukk.

Grøn kryddersaus

1 kvast frisk persille
1 kvast frisk graslauk
1 kvast frisk sitronmelisse
1 kvast frisk dill
1 kvast frisk bladpersille
1 kvast frisk basilikum
3 dl yoghurt naturell
3 dl cottage cheese
2 dl rjome
2 fedd kvitlauk
safta frå 1 sitron
1 ts grovt fingersalt
1 ts grovmalen pepar

Bland alt i ein foodprocessor. Byrje med dei grønne urtene, spe på med mjølkeprodukta, sitronsaft og salt.

Agurksaus

1 slangeagurk
2 dl crème fraîche
1 lauk
1 ss sennep
½ ts salt
½ ts grovmalen pepar

Skrell slangeagurken, og bland alle ingrediensane i ein foodprocessor.

Grønsaksaus

1 aubergine
2 squash
2 lauk
1 kvast persille
1 kvast basilikum
2 fedd kvitlauk
1 kg mogne tomater
1 dl tomatpuré
2 ss olje
4 ss smør
2 ts paprikapulver
1–3 ts salt
2 ts grovmalen pepar

Vask og skrell alle grønnsakene, lat dei ligge med salt i nokre minuttar, og surr dei i smør. Ha i flådde, delte tomater og kvitlauk og la dette småputre i 15 minuttar. Smak til med krydder. Strø på riven ost til slutt.

Soppsaus

300 gr sopp
3 ss smør
3 lauk
3 fedd kvitlauk
2 dl fløyte
1 ts salt
1 ts grovmalen pepar
1 kvast frisk, nyklypt persille

Surr reinska sopp og lauk i ei panne, set til fløyte, sitronsaft og kvitlauk. Trekk dette utan lok i nokre minuttar og smak til med salt og finklypt persille. Vel bekomme!

Tomat og appelsinsyltetøy, med litt basilikum

½ kg mogne, søte tomater
2 appelsiner
1 sitron
½ vaniljestang
100 gr sukker
basilikum

Skåld og ta av skinnen på tomatene, reins appelsin og sitron fri for hinner. Kok alt saman med vaniljestanga og sukker. Dryss i friskklypt basilikum etter smak.

PØLSEMAKERE

Dette er ei liste med navn, adresse, telefonnummer og e-postadresse til de fleste pølsemakerne her i landet. Her får du kjøpt det du trenger for å kunne lage pølser hjemme: kjøtt, flesk, tarmer, spesialkrydder og nitrittsalt. Lykke til!



A. Idsøe AS
Verksg 3-5, 4013 STAVANGER
51 89 35 05
post@idsoe.no

A. Strøm-Larsen AS
Vogtsg 53, 0477 OSLO
22 09 31 80
strlaras@online.no

Alf Bredrup AS
2320 FURNES
62 35 93 00
alf@alfbredrup.no

Annis Pølsemakeri AS
Tomteg 10, 2630 RINGEBU
61 28 03 54
annibyskov@hotmail.com

Arne Børresen AS
Lars Hollosg 1, 2318 HAMAR
62 52 50 55
bredekri@online.no

Aron Mat AS
Blåmannsvik
9100 KVALØYSLETTA
77 61 80 15
post@aronmat.no

Baunen AS
5116 ULSET
55 18 80 20
at-aaseb@online.no

Bjorli Fjellmat AS
2669 BJORLI
61 24 56 57
post@bjorlifjellmat.no


Brandbu Pølsemakeri
Storlinna 28, 2760 BRANDBU
61 33 42 45
brandbu.pølsemakeri@c2i.net

Brødrene Diskerud AS
Torggt. 4, 1850 MYSEN
69 89 17 06
mettebj2@online.no

Eidsmo Slakteri AS
7228 KVÅL
72 87 70 30
post@eidsmo.no

Fatland Sandefjord AS
Fokserød, 3241 SANDEFJORD
33 48 52 00
ove.gabrielsen@skjeggerod.no

Finn Hunstad AS
Svinndalvei 7, 1593 SVINNDAL
69 28 60 32
finn@hunstad.no



Finsbråten AS
Prost Kragstv 29, 2080 EIDSVOLL
63 92 34 00
post@finsbraten.no

Gabbas AS
Tastatorget, 4027 STAVANGER
51 83 66 00
jostein@gabbas.no/einar@gabbas.no

Gressvik Pølsemakeri AS
Storv 81, 1621 GRESSVIK
69 32 60 25
mke-gp@online.no

Grilstad Fabrikker AS
Ranheimsv 129/130, 7488 TRONDHEIM
73 82 39 00
firmapost@grilstad.no

Grøsfjeld Slakterforretning ANS
Storg 7, 4370 EGRERSUND
51 49 12 02
igroes@online.no

Grøstadgris AS
Grøstad gård, 3178 VÅLE
33 06 32 53
post@grostadgris.no

Gunnar Ruud AS
Norderhovsg 7, 0654 OSLO
23 30 25 00
post@gunnarruud.no

H. Mydland AS
Postboks 2386, 9271 TROMSØ
77 60 20 00
post@mydland.no

H.O. Grindheim AS
Toppemyr 7, 5136 MJØLKERÅEN
55 53 81 81
audun@grindheim.no

Helgeroa Spekevarer AS
Boks 17, Sønsebergveien,
3295 HELGEROA
33 18 80 46
jekihle@online.no

Hole Kjøtt AS
Keiser Wilhelmsg 30,
6003 ÅLESUND
70 12 66 95
oddb-hol@online.no

Håland Kjøtt AS
Prestev 6, 4352 KLEPPE
51 78 69 50
idar@haland-kjott.no

Ingebrigtsen Kjøtt AS
Tønsnes, 9022 KROKELVDALLEN
77 60 06 30
post@ingebrigtsen-kjott.no

Jacobs II AS
Ekebergv 145, 1178 OSLO
22 28 58 58
mail@jacobs.no

Jens Eide Kjøttforretning AS
E-18 Senter, 4790 LILLESAND
37 27 02 28
grethe@slaktereide.no

Jens Eides Slakteri as
Tingsaker, 4790 LILLESAND
37 27 09 66
jenseide@slaktereide.no

John Haugen Kjøttindustri AS
Hølandsv 6, 1860 TRØGSTAD
69 82 40 10
john.haugen@c2i.net

Johs. Jacobsen Kjøtt
Boks 190, 6101 VOLDA
70 07 40 30
johs.jacobsen@c2i.net

Johs. Lundal & Sønner AS
Teigland, 5590 ETNE
53 77 15 80
epost@johslundal.no

Jon Ertnes Ans
Værftsg 2, 1511 MOSS
69 27 65 50
jon@ertnes.com

Kuraas AS
Fagernessletta 10, 8514 NARVIK
76 96 96 20
rune.stokvold@spis.no

Leiv Vidar Slakterforretning
Torgg 8, 3513 HØNEFOSS
32 12 03 22
butikken@leiv-vidar.no

M. Gaupset Eftf. AS
Skoleg 12, 6509 KRISTIANSUND N
71 57 08 10
angus@gaupset.no

Manstad Kjøtt AS
Lervikv 26, 1626 MANSTAD
69 35 46 60
wiener@oivind-karlsen.no

Mattradisjon AS
Ekerhovd, 5353 STRAUME
56 32 55 50
mat-team@online.no

Moi Kjøtt AS
4460 MOI
51 40 13 12

Mørkjøtt AS
Vestnesbukta, 6390 VESTNES
71 18 88 50
roger.malme@spis.no

Nøtterøy Kjøtt AS
Nesbryggveien 4, 3133 DUKEN
33 38 41 30
nkas@online.no

Ole Ringdal AS
6218 HELLESYLT
70 26 91 00
ole@oleringdal.no

Prima Jæren Kjøtt AS
Næringsvegen 27, 4365 NÆRBØ
51 79 86 00
arne@prima.as

Rieber & Søn ASA Denja , Voss
Boks 384, 5702 VOSS
56 52 18 02
birger.hellesnes@denja.no

Roar Stang Kjøtt AS
Roald Amundsensvei 188,
1658 TORP
69 35 12 10
paal@roarstang.no

Ryen Kjøtt Eftf AS
Alundamveien 35, 0957 OSLO
22 25 72 93
post@ryenkjott.no

Rørøss Slakteri AS
Tollef Bredalsvei 4, 7374 RØROS
72 40 65 80
post@rorosslakt.no

Rørøsskjøtt
Brutippen 23, 2550 OS
I ØSTERDALEN
62 49 74 17
per@roroskjott.no

Sigurd Erdahl Kjøttforretning
Boks 33, 8309 KABELVÅG
76 07 80 81
siggure@online.no

Slakter Haaland AS
Haraldsgate 136,
5527 HAUGESUND
52 72 68 00
slakterhaaland@live.no

Slakthuset Eidsmo Dullum AS
Industrivegen 10, 7228 KVÅL
97 06 09 70
post@slakthuset.no

Smedstuen Gård AS
Smedstuen, 2072 DAL
63 92 26 40
post@smedstuen.no

Solheim Kjøtt AS
Solheimsgt. 25, 5054 BERGEN
55 29 29 48
post@solheimkjott.no

T. Snørteland AS
Kirkevn. 16, 4280 SKUDENESHAVN
52 82 81 32
tsnorteland@start.no

T.T. Eikestøls Eftf
Lundevn. 107, 4640 SØGNE
38 05 07 00
post@slakterenisoegne.no

Telemark Kjøtt AS
Boks 596, Tuvenbøygen 2,
3673 NOTODDEN
35 01 67 50
asbjorn@telemarkkjott.no

Th. A. Abrahamsen
Kongegt. 18, 3256 LARVIK
33 18 11 45
thaabrah@online.no

Thoresen Slakterforretning AS
Svein Jarlsgt. 14, 7713 STEINKJER
74 16 17 88
thoresen@angus.no

Tind Spekevarer AS
Kyrkjegt. 45, 6200 STRANDA
70 26 95 00
post@tind.com

Toma Mat AS
Postboks 2064 Bedriftspost-
kontoret, 5504 HAUGESUND
52 70 24 00
post@tomamat.no

Toten Kjøtt AS
Gjestrumveien 1, 2846 BØVERBRU
61 19 40 50
rolf@totenkjott.no

Trygve Brovold AS
Storgt. 23, 2335 STANGE
62 57 14 12

Tveiten Kjøttthandel AS
Postboks 114, 5291 VALESTRANDSFOSSEN
56 19 30 32

Voss Kjøttindustri AS
5713 VOSSESTRAND
56 52 06 00
post@voss-kjottindustri.no

Østli Pølsemakeri AS
Nordåsvn. 3, 2032 MAURA
63 99 92 77
ostli.polsemakeri@senswave.com

Aage Pedersen AS
Reinslakteriet, 9845 TANA
78 92 62 00
geir@reinslakteriet.no

Åkeberg Skoglund Pølsemakeri AS
Grenseveien 69, 0663 OSLO
23 37 83 60
skogpoe@frisurf.no



REGISTER

PØLSEOPPSKRIFTER

- American Farm Style Sausage 52
American Sausage 52
Blodpannekaker 112
Blodpylse 115
Blodpølse etter Tores oldemor 78, 112
Bodils julepylse 109
Bondepylse 117
Bratwurst, røkt 69
Bratwurst, urøkt 69
Butifarra 35, 48
Bypylse 117
Chorizo 48
Chorizo (røkt og kokt) 73
Chorizo spekepølse 86
E-134 pylse med hint av vegsalta elg 117
Elgpølse 85
Fennikelpylse 110
Fersk pylse av innmat 112
Fjellpylse av elg 104
Fleskepølse 78
Frankfurter 69
Fårepølse 82
Fårepølse (trollpølse) 72
Gabrielsens pølseoppskrifter 35
Geit- og fårepølse 84
Gjuvsåpylse 110
Grisepylse 115
Grynpylse 114
Halalpølse 75
Haustpylser 107
Havregrynspølse 77
Hedenstads pølseoppskrifter 36
Heimepylse, god gammeldags 107
Hjortepylse 104
Hjortepølse 84
"I kampens hete" (pølse av storfekjøtt) 37
Irsk pylse 50
Italienske pølser 50
Julepylse 110
Julepylse av lammekjøtt 106
Julepylse, Bodils 109
Julepølse 65
Julepølse, ekte 64
Kalkunpølse (mager) 75
Kalkunpølse (mager) med Omega 3 76
Kalkunpølse, grov 76
Karripølse 35
Knackwurst 51
Kvit pylse (uten kjøtt) 115
Kyllingbratwurst, mager 76
Kyllingpølse, mager 75
Laksebratwurst med røkelaks 87
Laksepølse, mager 87
Laksepølsewiener 87
Lammepølse (stekepølse, skinnfri) 72
Lammepølse, røkt (tilsatt svinekjøtt) 71
Lammepølse, urøkt (tilsatt svinekjøtt) 71
Leverpostei 78
Leverpylse 114
Leverpølse 78
Mager pølse med vegetabilsk olje 74
Majas hurka (varm leverpylse) 53
Medisterpylse 109
Medisterpølse 65
Mettwurst med lever 51
Middagspylse, grov (røkt) 105
Mogapylser av vilt 104
Morrpylse (Bodil spesial) 119
Morrpylse (kurv) av innmat 119
Olivenpylse 110
Ostepølse med Jarlsberg-ost 71

Oxford Sausage 50
 Paprika- og chilipylse 109
 Pepperoni spekepølse 86
 Pepperonipølse, kokt type 73
 Pylse av gjøkalv 113
 Pylse av innmat, fersk 112
 Pylse frå vest 108
 Pylse med røykt kjøtt 111
 Pylse, grunndeig 108
 Pylse, kvit (uten kjøtt) 115
 Pylser av innmat 113
 Pylser av lam 105
 Pølse av storfekjøtt 66
 Pølse med polenta 37
 Pølser av laks 86
 Påskepølse, fri for svin 74
 Raulandspylsa 116
 Reinsdyrgalskap 119
 Reinsdyrpølse 85
 Risepølse med svinekjøtt 77
 Rosmarin- og paprikapylse 111
 Rullepølse – Pinnepølse 74
 Røkt kjøttpølse (med melk) 66
 Salami 81
 Salami med Jarlsberg-ost 82
 Salviepølse 35
 Spekepylser 116
 Spekepølse av elg 84
 Spekepølser 79
 Spekesnacks 81
 Stabburspølse 82
 Surpylse 113, 114
 Trollpølse (fårepølse) 72
 Ungarsk koldbasz 52
 Urøkt kjøttpølse (uten melk) 66
 Vegetarpølse 77
 Villmannspylser 105

Viltstabburspølse 85
 Vinjesvingen de luxe 119
 Vinjesvingen Spesial 111
 Vinterpylse 107
 Vossakorv 72, 73
 Weisswurst 51
 Wienerpølse 67

MATRETTAR MED PYLSE

Barnevennleg pylsepizza 194
 Blomkål- og pylsegryte 146
 Brokkoli og pylse i form 154
 Bønegryte 166
 Chilipylsegryte 228
 Enkel pylserett 124
 Fargerik pylsegryte 140
 Fennikel- og pylsesalat 176
 Fløytesaus med pylse, sopp og pasta 198
 Fransk pylsegryte 150
 Frityrsteikte innbaka pylser 214
 Gratinerte pylser 214
 Grilla pylse med marinert kål 214
 Grov pylse med heimelaga italiensk salat 170
 Grøn pasta med spinatsaus og pylse 198
 Grønsakpizza med pylse 194
 Heimelaga tomatsuppe med heimelaga kjøtpylse 188
 Heit pylsesuppe 188
 Innbaka pylse 208
 Irish stew med pylser 140
 Irsk pylsegryte 216
 Italiensk pylsegryte 216
 Jordskokk og sellerirot i godt samspel med knutekål 190
 Jubalon på Toten med pylser 216



- Julemattallerken med pylse 210
- Karripylser 218
- Knasande sprø kveldspizza med pylsegodt 194
- Kraftig pylse- og spekeskinkepizza 194
- Krydderpylse med varm pastasalat 182
- Kvardagssuppe med makaroni og pylse 190
- Kål og pylse i form 158
- Kålgryte med pylser 150
- Lag på lag i ei form 202
- Laukpylse med grønne saker 218
- Linsegryte med pylser 142
- Makaronitimbale med pylser 202
- Medisterpylse med druer (røkt) 130
- "Nevamat" av ulike pylser 210
- Ost og eggekake med pylse 162
- Ostegratinert pasta med pylse 200
- Pannekake i lita langpanne med pylse 206
- Parmapylse 220
- Potetgryte med pylse 148
- Potetsuppe med pylse 188
- Potetsuppe med røykte pylser og innslag av tomat 186
- Pylse
 - i fløytesaus 224
 - i panne med lauk, raudbetar og agurk 222
 - i paprikasaus 220
 - med appelsindampa gulrøter og heimelaga potetstappe 130
 - med avocadosalat 166
 - med blomkål og eggesmør 220
 - med byggryn og grønnsaker 168
 - med fennikel, chili og vårløk
 - i appelsinjuice 164
 - med julienne (finkutta) grønnsaker 168
 - med krull 170
 - med kålrot- og gulrotstuing 128
 - med makaronistuing 126
 - med mangosennep 126
 - med sennepsavocado 224
 - med smak av peparrot 164
 - med sylta grønnsaker 166
 - med søtpotetpuré 128
 - med tagliatelle/bandspaghetti 132
 - med tomatsalsa 126
 - med øl 222
- Pylse- og baconpizza 194
- Pylse- og baconsalat 174
- Pylse- og cheddarform 160
- Pylse og makaroni i form 154
- Pylse- og paprikagryte 138
- Pylse- og pastasalat 174
- Pylse og poteter i form 156
- Pylse og sprøsteikt flesk i form 156
- Pylse og tomater i form 158
- Pylse på bønneseng 132
- Pylse, normannaost og endiviesalat 180
- Pylse, poteter og raudbetar 180
- Pylsegryte med bønner og småflesk 144
- Pylsegryte med erter 142
- Pylsegryte med surkål 148
- Pylse-gulasj 136
- Pylsemakarens frukost 124
- Pylseomelett i panna 208
- Pylseomelett med overrasking 210
- Pylsepanne 158
- Pylsepanne i ovnen 158
- Pylser i form 152-171
- Pylser i gryte 134-151
- Pylser i pizza 192-195

Pylser i salat 172–183
 Pylser i slåbrok 226
 Pylser i suppe 184–191
 Pylser i trengsel 202
 Pylser med cheddarost 160
 Pylser med friske linser 212
 Pylser med pasta 196–203
 Pylser på Bogstad 122–133
 Pylser på grønsakseng 162
 Pylser som i Alsace 182
 Pylseragu 138
 Pylsering 206
 Pylserisotto 146
 Pylsesalat
 med byggryn 178
 med eple 178
 med yoghurtsaus 176
 Pylsesnadder med eple og karri 228
 Pylsespyd 226
 Raudkålsalat til pylse 182
 Raudvinspylse 170
 Restegryte med pylser 140
 Saftig pylse med heilsteikt lauk 218
 Smakfulle heimelaga pylser
 med kålstuing 212
 Sommarpanne 222
 Spisskål- og pylsegryte 146
 Sterk Brummundøl 224
 Sunn pylsesuppe 186
 Surpylse 226
 Sursøt pylsegryte 144
 Tomatsaus, pylse og pasta 200
 Vintergryte med pylser 136

SAUSAR

Agurksaus 231
 Basilikumsaus 230

Eplesaus med karri 231
 Grøn kryddersaus 231
 Grønsaksaus 231
 Karvesaus 230
 Kvitlaukssaus 230
 Paprikasaus 231
 Peparsaus 231
 Pestosaus 230
 Soppsaus 231
 Spinatsaus 230
 Squashsaus 230
 Tomat og appelsinsyltetøy,
 med litt basilikum 231
 Tomatsaus 230
 Valnøttsaus 230

Hans-Petter Jacobsen, Bodil Nordjore og Tore W. Teigen

DEN STORE PØLSEBOKA

FAKTA OM PØLSER • LAG EGNE PØLSER • PØLSERETTER

Vi nordmenn elsker pølser. Vi spiser mellom 50 og 60 000 tonn i året! Og aldri har det vært solgt så mange forskjellige pølser av så god kvalitet som nå. I denne boka møter du noen av landes fremste pølsemakere, noen pølse skeptikere, men enda flere pølsepatrioter og entusiaster.



Første del av boka er en interessant og morsom faktadel som omhandler pølser fra nær og fjern på en både overraskende og tankevekkende måte.

Å lage egne pølser er mye enklere enn du tror. Her lærer du hvordan du blir din egen pølsemaker. Du får en mengde råd og tips og gode oppskrifter fra både Mester'n og Budeia. Å lage pølser er en morsom aktivitet å gjøre sammen med andre og du bestemmer selv kvaliteten på råvarene og smaken på pølsene.

Boka er også en omfattende kokebok med en mengde inspirerende og smaksgode pølseretter med variert og sunt tilbehør.

